

SPRÅK nytt

MELDINGSBLAD FOR NORSK SPRÅKRÅD

28. årgang 4 / 2000



30 ordformer og 7000 språk

Norsk har tretti former av ordet *kvae*, får vi vete i dette nummeret av Språknytt. Desse ordformene er skapte av språkendringar i norsk siste tusenåret. I levande språk ligg det kime til variasjon, men vokster-vilkåra er ikkje sjølv sagt.

I vår tid opplever vi ein kultukatastrofe. 30–60 språk dør kvart år, dvs. 300–600 på ti år, og 3000–6000 på ... Ja, her må vi stoppe opp. Kan vi verkeleg oppleve at dei fleste språka i verda forsvinn i vår levetid? Tala talar tydeleg i ein artikkel om følgjene av den moderne sivilisasjonen, og forfattaren fortel korfor færre språk gjer oss fattigare.

Her i landet kjem vi godt frå risikoen for språkdød. Vi er privilegerte i forhold til dei 6500 språksamfunna lenger nede på styrkeskalaen. Men kunnskap om språkdød er viktig for oss òg, for det gir perspektiv til eit medvete språkliv her heime.

Det norske språksamfunnet er av dei mest homogene, og det kan gjere at vi ikkje oppdagar verdien i mangfaldet. Vi kan likevel ta lærdom av kulturmangfaldet i dei to skriftmålsvariantane våre. Dermed blir vi «betre budde på å møte det fleirkulturelle internasjonale samfunnet», sa kulturminister Ellen Horn da ho

opna Aasen-tunet i sommar. Dette tunet skal «styrke den kulturelle eigenidentiteten», skriv direktøren der. Kjensla av å vere språkleg godteken er viktig for nynorskbrukarane, men også for bokmålsbrukarar og språklege minoritetar. At det politisk er likeverd det dreiar seg om, kjem òg fram i artikkelen om det europeiske språkmangfaldet. Vi får alle testa vår språklege toleranse – både i Noreg og i verda. Samferdsleministeren har nyleg gitt Postbanken melding om at denne banken ikkje treng praktisere språkleg jamstilling lenger! Og Postbanken tek konsekvensen.

I arbeidet med å halde oppe likeverdet for eit språk er bruksverdien viktig. Den moderne språkteknologien skal hjelpe oss nordmenn til å oppleve morsmålet som fullverdig på flest mogleg område. Norsk er i første-divisjonen når vi kan koste på oss slik teknologi, men også i den divisjonen er det konkurranse om å halde oppe eigenverdien. Og norsken er vårt tilskott til verds mangfaldet. Den tanken kan vi halde i hovudet samtidig med at vi prøver å forstå kretene som herjar verre med andre.



- 1 Språkdaude
- 5 Språkstrid og språkleg mangfold i Europa
- 9 Ivar Aasen-tunet: eit kulturpolitisk underverk
- 14 Pilegrimsvandring i vår tid – langs *led* eller *lei*?

- 18 Frå einfelde til ordyrje
- 21 Språkteknologi i Norge
- 23 Fleire nynorskord etter nye retningslinjer
- 28 Nyord
- 29 Du spør – vi svarer

Språkdaude

ROLF THEIL ENDRESEN

PÅ SAINT PAUL-KYRKJEGARDEN i Mousehole i Cornwall står det ei gravstøtte over Dorothy Pentreath, som døydde i 1777. I følgje teksten på støtta skal salige Dorothy ha vore den siste som tala det gamle korniske språket, som frå dei eldste tidene blei tala i soknet Saint Paul, heilt til det anda ut i det attande hundreåret. Kornisk var det siste keltiske språket i England, mens Wales framleis har sitt walisk, og Skottland enno hyser over 80 000 med skotsk-gælisk som fyrstespråk. Kornisk gjekk utan tvil i grava med Dorothy, men hadde lenge lege på det siste – det er ikkje mykje livsgneiste att i eit språk som blir tala av éi einaste sjel på jorderike.

Språk døyr og blir fødde

Språk har døydd til alle tider. Koptisk, den siste utlauparen av det vørdelege målet til dei gamle egyptarane, forlét denne verda på trettenhundretalet, og etruskisk, målet til det mektigaste folket i Italia i førromersk tid, blei truleg høyrt siste gong mens keisar Augustus enno rådde. Ingen har tala sumerisk dei siste 4 000 åra eller elamittisk dei siste 2 000 – trass i at dei begge var viktige språk i Mesopotamia. Ein gong kunne ein høyre frygiske og hettittiske ord i Littleasia, men frygisk blei borte nokre få hundreår etter Kristi fødsel og hettittisk bortimot 1 000 år tidlegare – blant anna som ei følgje av frygisk invasjon. Vi kjenner

namnet på 75 utdøydde språk som tidlegare blei snakka i Europa og Littleasia.

Men til alle tider har òg nye språk blitt fødde ved at somme språk har endra seg i ulik lei på ulike stader. Latinen døydde aldri, men blei splitta opp i ei rekke språk, frå portugisisk ved Atlanteren til rumensk ved Svartehavet. Norrønt mål overlever som islandsk, færøysk og norsk – og norsk er knapt det same i Nittedal og Nissedal. Europeiske kolonispråk har fått avleggjarar i pidgin- og kreolspråk langs dei sju hav – på Haiti talar over átte millionar menneske kreolspråket haitiansk, som byggjer på fransk. Sterke krefter er i arbeid for å gjøre serbisk, kroatisk og bosnisk mest mogleg forskjellige, og kven veit om desse tre nærskyldne språkvariantane endar som innbyrdes uforståelege språk. Likevel er stoda for språka i verda urovekkjande: Språkdaude skjer i dag med mykje større fart enn språkfødsel.

Å telje språk

Grov rekna finst det 7 000 språk i verda i dag – 6 784 i 1999, i følgje tala i oppslagsverket *Ethnologue*, utgjeve av den amerikanske bibelomsetjarorganisasjonen Summer Institute of Linguistics. Omkring 4 000 av desse språka finn vi i to tropiske område, det eine i Afrika frå Elfenbeinskysten til Kongo, det andre på Papua Ny-Guinea. I staten Papua Ny-Guinea, med om lag like mange inn-

byggjarar som Noreg, registererer *Ethnologue* 817 levande og 9 daude språk.

No skal vi ikkje låst som det er lett å telje språk. Språkvitskapen har ingen objektive kriterium for språkteljing, og politiske omsyn veg oftast tyngre enn dei lingvistiske. Ingen kan seie for visst om samisk er eitt, to, tre, fire, fem eller fleire språk. Bulgararane fnyser av påstanden om at makedonsk er eit eige språk og ikkje berre ein dialekt av bulgarsk. I følgje *Ethnologue* har det vestafrikanske landet Mali 32 språk, men granskar du lista, finn du at språket dogon, som blir tala av 600 000, har meir enn femten «dialektar» som ikkje er innbyrdes forståelege. Eg har vore på staden, og veit at folk frå ulike landsbyar talar fulfulde med kvarandre. Fulfulde, som blir tala av 1 million menneske i den delen av Mali der dogonfolket bur, og av rundt 25 millionar menneske i heile Vest-Afrika, er det tradisjonelle handelsspråket i Dogonland.

Talet 6 784 gjer eit visst inntrykk, men kan tene til å tåkeleggje dystre realitetar. 94,7 % av desse språka blir tala av under 1 million menneske, og 86,1 % av under 100 000. Ikkje mindre enn 1 558 språk, eller 25,7 % av alle språk i verda, blir snakka i språksamfunn med under 1 000 medlemmer. Det er berre 319 språk (5,2 %) som blir tala av over 1 million menneske, og einast 80 språk (1,2 %) av meir enn 10 millionar.

La oss gjere ei djupboring i eit hjørne av desse realitetane. Om vi gløymer dei fleste innvandrarspråka, har Sambandsstatane 176 levande språk. Comanche blir tala av 854 personar av ei folkegruppe på 6 000 i Oklahoma. Dei fleste eller alle som talar comanche, er midaldra eller gamle, og likeins står det

til med dei fleste urinnbyggjarspråka i dette landet. Då treng ein ikkje vere spåmann for å sjå i kva lei det ber. Skal eit språk overleve, må det overførast til nye generasjonar: Borna må lære det. Når dei yngste talarane dør, dei som no er rundt femti, tek dei språket med seg i grava.

Rundt om i verda sit det mang ei Dorothy Pentreath. 51 språk er det berre ein som talar – 28 i Australia, 8 i USA, 3 i Afrika, 6 i Asia og 3 på Stillehavsoyane. I 1963 var det 100 som tala det australske språket dyirbal; i 1993 var talet redusert til 6 – alle over 65 år. Canada har 50 urinnbyggjarspråk, men berre 3 av dei – inuktitut (eskimoisk), cree og ojibwe – blir tala av så mange at dei har ei relativt trygg framtid.

Språk i faresona

Lenore A. Grenoble og Lindsay J. Whaley, språkforskarar ved Dartmouth College i England, gav nyleg ut boka *Endangered Languages* (Cambridge 1998), ei artikkelsamling om truga språk verda rundt. Blant språkforskarar som forskar på truga språk og språkdaude, er det ei utbreidd oppfatning, kan vi lese, at innan utgangen av det hundreåret som tek til i 2001, vil 50 % av språka i verda ha døydd ut. Faktisk er så mange andre språk på daudens rand at ein ikkje kan vere trygg på at meir enn 600–700 språk overlever år 2100. Med andre ord kan godt over 90 % av språka i verda vere i faresona.

Artikkelforfattarane meiner dette ville vere ein katastrofe, og dei forklrar kvifor. Det ville vere ein katastrofe for det intellektuelle og kulturelle mangfaldet på jorda. Det er få ting som fortel oss meir om ándeleg skaparkraft enn språket. Kvar gong eit språk dør, mis-

ser vi ei kjelde til å forstå menneskesinnet. Kvar gong eit språk dør, misser språkforskaran materiale dei treng for å løyse to av dei fremste oppgåvane innan språkvitskapen: å rekonstruere førhistoria til menneskespråka og fastsetje omfanget av og grensene for den kommunikative átferda og den grammatiske kompetansen hos menneska.

Mens eg arbeidde med denne artikkelen, kom eg over ei heilt ny bok, som eg berre har rokke å snuse i: *Language Death* (Cambridge 2000) av den engelske språkforskaren David Crystal. I føreordet fortel han om arbeidet sitt med den første boka han gav ut, *English as a global language*. I ein førehandsomtale av boka i *Guardian* kom han med det han kallar litt «spekulativ erting»: La oss tenkje oss kva som vil skje dersom det engelske språket held fram og veks på same vis som det har gjort til no; kanskje det ein dag blir einaste språket som er att. Dersom det skjer, vil det vere den største intellektuelle ulukka som planeten nokon gong har kjent.

Kvifor skal vi bry oss?

9.-10. oktober 1999 hadde den danske avisa *Information* ei heil side om «Den store sprogdød», og artikkelforfattaren siterer den amerikanske språkforskaren Ken Hale: «Når vi mister et sprog, er det som om, der smides en bombe i Louvre-museet.»

I fjor sommar var vi på søndagstur til Jyrevika ved Langesund. Her står Skagerrak rett på, og går du ut på det ytste svaberget, fyk det rundt øyra dine med frode frå sundslegne bårer. Eg hadde ikkje vore der på 38 år, men det einaste nye var eit skilt der eg las: «Hvorfor freda barskog?» Jyreviktangen har eit

særs rikt planteliv og er no eit freda naturreservat. Eg hadde notisbok med og kunne notere svaret: Naturskog er levestad for sjeldne og truga plante- og dyreartar. Naturskog er viktig for forsking, undervisning og naturforvalting. Naturskog er ein del av naturarven vår og gjev verdefull naturoppleving. Naturskog med tilhøyrande flora og fauna har ein eigenverdi. – Kva har dette med språk å gjere? Jau, den tanken slo meg at viss vi bytte ut «naturskog» med «språk» på dette skiltet og gjorde nokre andre små tilpassingar, fekk vi nokre tesar som trygt høyrer heime i ein artikkel om språkdaude.

David Crystal kallar eitt av kapitla i boka si «Why should we care?» – Kvifor skal vi bry oss? Her er ei kort oppsumming av svara hans: For di vi treng mangfald. For di språk uttrykkjer identitet. For di språk er lagringsplassar for historie. For di språk bidrar til summen av menneskeleg kunnskap. For di språk er interessante i seg sjølve.

Kvifor dør språk?

Språk dør av mange grunnar. I følgje somme overslag var det omkring 100 millionar menneske i den nye verda i tida før europearane kom, og 200 år seinare reknar ein med at over 90 % av desse urinnbyggjarane hadde døydd av sjukdommar som europearane og dyra deira hadde med seg. Vi veit at regnskogen i Amazonas blir raser med lyntogs-fart, og dei fatale følgjene for det biologiske mangfaldet er velkjende. Ein reknar med at det budde nærmare 7 millionar menneske i Amazonas-regionen på 1500-talet. På 1990-talet var talet redusert til rundt 700 000. Kva følgjer dette har for kulturar og språk, treng ein ikkje

mykje fantasi for å forstå.

Mellom 1845 og 1851 døydde 1 million irar på grunn av «potethungersnauða», og endå fleire emigrerte. Folketalet blei redusert frå 8 millionar i 1841 til 6,5 millionar ti år seinare. Verknadene var verst på landsbygda, der det irlske språket stod sterkest, og lagnaden til dette språket blei truleg avgjord den gongen. Få snakkar i dag høgt om kor dårleg stelt det er med det irlske språket.

Aids kan få store følgjer for talet på språk i verda. UNAIDS, hiv-/aidsprogrammet til Dei sameinte nasjonane, rekna talet på hivsmitta til 33,4 millionar i 1998, og 95 % av desse budde i utviklingslanda: 22,5 millionar i Afrika sør-nanfor Sahara, 6,7 millionar i Sør- og Søraust-Asia, 1,4 millionar i Latin-Amerika. Tre firedelar av språka i verda blir tala i desse områda.

Då irarane utvandra, var dei med på å skape ei anna utbreidd årsak til språkdaude. Koloniseringa av Australia og Nord-Amerika er klassiske døme på det David Crystal kallar «demografisk flaum»: store folkemengder trengjer inn på framandt territorium og set nærmast urinnbyggjarane under vatn, slik at kulturen og språket deira druknar i det støre folkehavet.

I mange afrikanske land skjer språkdauden på ein mykje fredelegare måte. I Mali spreier bambara seg som eit handelsspråk, og offentlege tenestemenn med bambara som morsmål tek seg arbeid i byar frå den eine landsenden til den andre; førebels har ingen språk døydd, men framtidsutsiktene er knapt lyse for dei minste gruppene. I Aust-Afrika er swahili på sterkt frammarsj. Talet på dei som har det som fyrstespråk, overstig knapt 5 millionar, men

dei som har det som andrespråk, utgjer over 30 millionar. Mange stader i Tanzania ser det ut til at mindre språksamfunn er truga ved at dei yngste går heilt over til swahili, som er hovudspråket i grunnskolen. Begge desse afrikanske døma illustrerer også korleis språk med fotfeste i byen et seg utover og svegljer språk på landsbygda.

I store delar av verda ser ein på minoritetsspråka som eit trugsmål mot den nasjonale einskapen. I Frankrike har bretonsk, baskisk og oksitansk svært trønge kår. På Korsika, som har vore ein del av Frankrike i litt over 200 år, har no langt under halvparten av innbyggjarane korsikansk som morsmål, og over det meste av øya er fransk fyrstespråket til dei yngste generasjonane. I 1974 blei korsikansk eit eige fag i skolane på øya, men det var berre snakk om tre valfrie timer i veka. Skikkeleg undervisning i korsikansk språk og litteratur får ein berre ved universitetet i Corti/Corte. I Afrika blir det i følgje *Ethnologue* tala 2 011 språk. Over 2 000 av desse blir ikkje brukte som undervisningsspråk etter grunnskolen. Dei blir marginaliserte frå det offentlege liv, der dei tidlegare europeiske kolonispråka dominerer.

Eg har i denne artikkelen ikkje sagt eit einaste ord om det såkalla engelske «trugsmålet» mot det norske språket. Eg tillèt meg å plassere dette blant kuriositetane. Norsk høyrer heime blant dei under eit par hundre språka i verda som blir tala av over 4 millionar menneske. Det blir snakka i eit av dei minst fleirspråklege samfunna i verda og blir brukt på praktisk tala alle område av samfunnslivet. La oss gløyme norsken i denne samanhengen. Ei norsk Dorothy Pentreath er eit fantasifoster.

Språkstrid og språkleg mangfald i Europa

ENDRE BRUNSTAD

I 2001 SKAL EU ha språkår – med markering av det språklege mangfaldet i Europa. Ei slik markering kan sjåast på som teikn i tida. Der er ei veksande erkjenning av at Europa er språkleg og kulturelt samansett, og at nasjonsgrenser, statsgrenser og språkgrenser svært ofte kryssar kvarandre. Vi finn òg, i alle fall i festtalar, ei større forståing for dei verdiane som ligg i eit språkleg mangfald.

For nordmenn kan ei slik europeisk markering vere nyttig på fleire måtar. Ikkje berre kan ho gjere nordmenn meir kjende med språk og språktilløve i andre land og verke til at ein i utlandet lærer meir om den norske språkstoda. Markeringa kan òg, der som ho vert gjennomført på rett måte, gjere at nordmenn kan sjå den norske språkstoda i ljós av den europeiske. Hos somme er det nemleg ei førestelling om at tospråksstoda uttrykkjer ei form for «norsk utakt», og at ho ikkje høyrer heime i ei tid prega av internasjonalisering og urbanisering. Ser ein derimot på kva som kjenneteiknar europeiske land og europeiske byar, slår det oss at målsak og språkstrid faktisk er noko som går igjen.

Vi kan illustrere det europeiske språkmangfaldet med å take utgangspunkt i nokre av dei ni byane som har status som europeiske kulturyrar i år. Som kjent er *Bergen* ein av desse. Dei

ansvarlege for kulturyåret i Bergen har rett nok lagt lite vekt på den rolla språk og språkstrid har spela (t.d. at byen er sentrum for ein nynorskregion, og at striden mellom nynorsk og bokmål har vore med på å prege byen). Ser vi derimot på Bergen i eit jamførande europeisk perspektiv, må det vere grunnlag for å hevde at det nettopp er gjennom koplinga til målsak og nynorsk at Bergen viser klare parallellear til andre europeiske kulturyar.

Brussel

Vi byrjar med den kultbyen som er mest kjend for språkstrid, Brussel, og med striden mellom fransktalande og nederlandsktalande. Denne striden er gammal, men tilspissa seg då den moderne belgiske staten vart skipta i 1830 med fransk som offisielt språk. Å fremje rettar og rom for nederlandsk har vore viktig og har avla strid – særleg om Brussel. Både i den nederlandsktalande og fransktalande delen av Belgia ser ein på Brussel som «sin» hovudstad. Geografisk er byen plasert midt i den nederlandskspråklege provinsen Brabant. I løpet av 1800- og 1900-talet har byen gått over frå å ha eit nederlandskspråkleg til eit franskspråkleg fleirtal. Å gjere eksakte målingar av språkbruken verkar derimot håplaust: Språkbruk og språkleg identitet går på kryss og tvers hos einskild-

menneske. Offisielt er då òg byen tospråkleg, offentleg informasjon og gateskilt er på to språk, og det er eit yrande kulturliv i spenninga mellom språka.

Språkstriden har roa seg dei siste tiåra, dels på grunn av svekking av sentralmakta, og dels på grunn av at nederlandsk har fått auka prestisje, ettersom dei nederlandsktalande områda i Belgia har hatt så sterk økonomisk framgang. (Som kjent fylgjer også språkleg prestisje den sosiale makta.) Men spenningane er der, til dømes var komitéen for kulturbyrået i Brussel til tider lamma pga. språklege motsetnader.

Helsingfors

Til liks med Brussel er Helsingfors ein tospråkleg by; der er finsk og svensk jamstelde. Fram til 1863 var svensk det offisielle språket i Finland, som ein arv frå den lange perioden då landet var ein del av det svenske kongeriket. Overføringa av Finland frå Sverige til Russland i 1809 endra i fyrste omgang ikkje på språkstoda. Utover på 1800-talet byrja derimot ei finsk målreising, og på 1900-talet har finsk vorte dominerande. I dag er svensk eit mindretalsspråk, men svenskalande er framleis svært synlege i kulturliv og politikk, og det verkar til å gi Helsingfors og Finland ei særleg kulturell kraft.

Santiago de Compostela

Nordvest i Spania, i provinsen Galicia, ligg *Santiago de Compostela*. Her er det tradisjonelle språket galisisk. Etter at språkfellesskapet med portugisisk tok slutt på 1400-talet, har kastiljansk («spansk») vore maktspråket, jamvel om folk har tala galisisk. På 1800- og

1900-talet har *Santiago de Compostela* vore sentrum for ein del grupper som har freista på ein galisisk renessanse. Men det er særleg dei siste ára med regionalisering som har gitt framgang med galisiske institutt, visesonggrupper og litteratur. Bruken av galisisk, først og fremst som talemål, gir regionen eit sær preg i Spania i dag. Etter framgangen for katalansk og baskisk er turen kanskje kommen for meir offisielle funksjonar også for galisisk?

Avignon

Avignon (oksitansk: *Avinhan*) ligg i Sør-Frankrike, i området der oksitansk har rádd. Oksitansk språk har rike tradisjonar, ikkje minst frå trubadurdiktингa i mellomalderen. Men særleg etter den franske revolusjonen i 1789 vart oksitansk rekna for å vere «*patois*», ein regional dialekt. Om fransk rådde i skrift, heldt folk flest likevel fram med å tale oksitansk. På slutten av 1800-talet gjekk forfranskinga inn i ein meir totalitær fase, og då vart «*la langue d'oc*» (språket i sør) heilt underordna i forhold til «*la langue d'oïl*» (språket i nord). På 1970-talet og framover har det kome ei viss bløming av oksitankspråklege grupper.

Praha

Hovudstaden i Tsjekkia er i språkleg samanheng særleg kjend for striden mellom tysk og tsjekkisk. I 1526 kom byen under austriksk herredøme med tysk som offisielt språk. Etter fleire mislukka oppreistar vart bruken av tsjekkisk skriftspråk på 1600-talet knytt til protestantisme og opprør mot pavemakta. Derfor vart tsjekkisk òg kua. I tillegg skjedde det ei byråkratisering

der det vokser fram ein tyskspråkleg eliten. Vi fekk dermed spenninga mellom eliten og det store fleirtalet av tsjekkisktalande arbeidarar og tenestefolk. Strevet for å få tilbake tsjekkisk som riksspråk gjekk føre seg på slutten av 1800-talet og byrjinga av 1900-talet, parallelt med krava om nasjonalt sjølvstyre, som tsjekkarane fekk i 1918.

I den språklege spenninga mellom tysk og tsjekkisk vart det skapt mykje stor litteratur, t.d. av Franz Kafka. Men nettopp Kafka var spesiell: Han var ein av dei fåe tyskspråklege forfattarane som kunne tsjekkisk. Elles var det tale om to språkgrupper som levde i misnill til kvarandre.

Interessant å merke seg er det elles at dei tyskspråklege intellektuelle i Praha i stor grad var jødar. Mange av desse vart utrydda av Hitler. På den måten var Hitler paradoksalt nok med på å utrydde tysk språk og kultur frå Praha.

Reykjavík

Kulturbreen i vest er sentrum for den særmerkte islandske purismen. Her vert utanlandske nemningar filtrerte og kjem ut i rein islandsk form. Såleis har ein eit spenstig ord som *hreyfill* for ‘motor’. Ordet kjem frå *hreyfa* (‘setje i rørsle’) og instrumentalsuffikset *-ill*. Likeins har ein for ‘elektrisitet’ *rafmagn*, eit ord samansett av *rav*, som tyder det same som gresk ‘elektron’, og *magn*, som tyder ‘kraft’ (jf. òg *ravkraft* som var nytta i eldre nynorsk). Islendingar er opptekne av ordlagning – det er deira språkstrid mot språkpress utanfrå. At ordlagringa vekkjer internasjonal interesse, har dei ikkje noko imot.

Talemålet i Reykjavík har stått i eit visst motsetnadsforhold til målet på bygdene, men i motsetnad til andre land er det bygdemåla som har vore idealet. Eliten i Reykjavík har såleis mått tilpassa seg bygdemåla for å oppna språkleg prestisje – slik bergen-ske vestmenn gjorde då dei tok sundagstur til Fana for å tale bygdemål.

Bergen

Også Bergen går inn i den europeiske tradisjonen med språkstrid og språkleg mangfald. Alt frå gammalt av har der vore språkbryting. I hansatida stod lågtysk mot norsk og verka til å gi bergen-dialekten eit sær preg. Talemålet i Bergen har dessutan vore i bryting mellom bygdemål og bymål, illustrert mellom anna av Amalie Skram i *Hjemmefolket*.

På 1830-talet var der ein strid i Bergen om retten til å vere med i ein tysktalande kyrkjelyd. Biskop Neumann vekte offentleg merksemnd då han stødde denne retten (som seinare fall vekk). Neumann var òg den som hjelpte Ivar Aasen på vegen. Denne kombinasjonen er særleg interessant: Hjelpesmannen for nynorsk var ein trugen forsvarar av språkleg mangfald.

I det siste hundreåret er det striden mellom bokmål og nynorsk som har vekt mest interesse. Det var før det fyrste i Bergen det fyrste mållaget, Vestmannalaget, vart skipa i 1868. Bergen har dessutan – i høve til andre byar i Noreg – mange nynorskbrukarar og nynorske institusjonar, og desse har spela ei viktig rolle i det bergen-ske kulturlivet, med mållag, ungdomslag, kaffistover, nynorske blad-tiltak og nynorske parallelklassar.

Likeins har ein Bergens riksmålsforening, som i ein periode òg eigde to skjenkestover, Wessel-Stuen og Holberg-Stuen. Lesarbrevspaltene viser at språk framleis engasjerer!

I europeisk samanheng er språkstriden i Bergen ikkje eit særtilfelle. Det meir «spesielle» ved Bergen må vere at det språket som står så sterkt i regionen omkring, ikkje står endå sterkare i byen – som ynskjer å verte nettopp regionshovudstad!

Språkstrid og språkleg mangfold

Vi kunne ha nemnt fleire byar. Denne raske rundreisa i nokre av dei europeiske kulturybane for 2000 får like fullt illustrert den europeiske og urbane sida ved språkstrid og språkleg mangfold. Bryting mellom fleire språk er «normalt» og verkar til å gjere euro-

peiske byar kulturelt spennande.

Vil så det språklege mangfaldet overleve? Europeisk historie på 1900-talet er i stor grad historia om undertrykking av minoritetar og språk, og dei store statsmaktene klarte nesten å knekkje fleire mindre brukte språk. I dag har ein lover som skal verne om mindre brukte språk. Det språklege mangfaldet er like fullt truga gjennom t.d. marknadsøkonomien: Det «løner» seg i fylgje programprodusentane ikkje å lage dataprogram eller talegrenkjenningsprogram på oksitansk eller ny-norsk. Her ligg det store utfordringar.

Andre utfordringar gjeld dei nye innvandrarspråka. Skal ein take språkleg mangfold på alvor, må òg dei få visse rettar. Her kan ein kanskje lære noko av den haldninga biskop Neumann i Bergen hadde på 1800-talet.

Det europeiske språkåret 2001

Europaratet og Den europeiske union (EU) har utpekt 2001 til det europeiske språkåret. Formålet med dette tiltaket er dels å hylle det språklige mangfoldet i Europa, dels å fremme læring av fremmedspråk. Fra de to samarbeidsorganenes side blir det understreket at språkåret skal omfatte alle språk i Europa. Det er planlagt en rekke tiltak, blant annet en alleuropeisk informasjonskampanje, tallrike utstillinger og andre arrangementer på lokalt, regionalt og nasjonalt plan, konkurranser, en egen uke viet språkundervisning for voksne og en europeisk språkdag. Språkåret skal åpnes i Lund i Sverige i februar og

avsluttes i Belgia i desember.

En egen arbeidsgruppe tilknyttet Læringssenteret (tidligere Nasjonalt lærermiddelsenter) i Oslo står for planleggingen av arrangementene i Norge. Norsk språkråd har sagt ja til å sitte i referansegruppa for disse aktivitetene (også Sametinget, Kontaktutvalget mellom innvandrere og myndighetene og Noregs Mållag er representert i referansegruppa). Det skal være et lanseringsseminar for Norge kort tid etter påske neste år. Interesserte med Internett-tilknytning kan finne flere opplysninger om dette på adressen <http://skolenettet.ls.no>

Ivar Aasen-tunet: eit kulturpolitisk underverk

OTTAR GREPSTAD

DETTE PROSJEKTET er eit lite under, sa kulturminister Anne Enger Lahnstein då ho vitja byggjeplassen i Ivar Aasen-tunet under Dei Nynorske Festspela hausten 1999. Nett det er det: eit lite under, skapt ut frå ein laus idé gjennom ti års dugnadsarbeid, fleire hundre møte, endå fleire brev og uendeleg mange samtalar. Nynorskens stilling i dag er resultatet av ein imponegende kollektiv innsats. I handfast betong påviser Aasen-tunet kva eit fellesskap kan oppnå gjennom målretta arbeid.

Ivar Aasen-tunet er eitt av dei eldste musea i landet. På den tid Anders Sandvig tok til å samle hus på Maihaugen, sette Aasen-slekta opp eit hus på heimegarden i Ørsta for å ta vare på eignelutane etter Ivar Aasen. På slutten av 1980-talet var museumsstyret i ferd med å planleggje eit nybygg. Aasen-kjennaren Reidar Djupedal hadde testamentert heile boksamlinga si til museet, og dei 14 000 bøkene måtte kome under tak. Sommaren 1990 kom formannen i kyrkje- og undervisningskomiteen på Stortinget, Theo Koritzinsky, på vitjing til museet. Han kom til eit museum «som sier altfor lite om Aasens livsverk, som har betydd så mye for vår skriftkultur». Då avisene slo opp dette, var ei lita gruppe i Volda alt godt i gang med samtalemøte om den nynorske skriftkulturens plass i

Noreg generelt og om Aasen i Hovdebygda spesielt.

Idémyldring

Uavhengig av kvarandre var altså fleire miljø i ferd med å tenke nytt. Utsegnene frå Løvebakken utløyste idémyldring, arbeid og planar. Eit første møte blei halde 13. november 1989. Ni dagar seinare var essensen formulert for det som skal bli Aasen-tunet: eit opplevings- og dokumentasjonssenter. «Dersom tradisjonen ikkje er synleg, kan han heller ikkje formidlast,» heitte det i dette første notatet, forfatta av språkforskaren Arne Apelseth og historikaren Jostein Nerbøvik.

Før jul bad eit mindretal i kyrkje- og undervisningskomiteen på Stortinget departementet i samarbeid med «berørte instanser vurdere behovet og mulighetene for et nasjonalt kulturbrygg for nynorsk språk og kultur». Berre eitt år seinare var denne mindretalsmerknaden blitt eit fleirtalsvedtak om løying av midlar til eit forprosjekt.

I mellomtida måtte det mange samtalar og møte til før dei lokale kreftene drog i same lei. Løysinga dei kunne semjast om, var eit nybygg i Aasen-tunet som dokumentasjonssenter og nasjonalt kulturbrygg, og eit Ivar Aasen-institutt ved den dáverande Distrikthøgskulen i Volda som knutepunkt for forsking omkring nynorsk

skriftkultur. Grunntrekka var på plass alt i februar 1991. På to korte månader var den grunntanken utvikla som til slutt blei realisert. Dei første medarbeidarane ved Aasen-instituttet tok til i 1997, i Aasen-tunet i 1999.

I desember 1992 munna forprosjektet ut i eit nynorsk manifest på 158 tette sider: *Ivar Aasen-senteret. Eit nasjonalt senter for nynorsk skriftkultur*. Det dokumentet vil gå inn i norsk kulturhistorie som ei avgjerande fornying av forståinga av denne skriftkulturen. Dokumentet gjorde inntrykk i departementskorridorane, der det etter kvart var mange som hadde vore med og snakka planane om Aasen-senteret høgt opp på dagsordenen.

Ivar Aasen-stiftinga

I august 1993 skipa 14 institusjonar og organisasjonar frå heile landet Ivar Aasen-stiftinga. Seinare slutta 6 andre seg til. Blant stiftarane var alle dei fire universiteta, fleire fylkeskommunar og alle dei sentrale nynorskinstitusjonane. Med myndig og følsam hand hadde Jostein Nerbøvik leidd arbeidet frå første stund. No fekk han eit meir formelt mandat og apparat rundt seg, ikkje minst med dette arbeidsutvalet: dramaturg og tidlegare mållagsleiar Ola E. Bø, lærar Jan Magne Dahle, museumsstyrar Jens Kåre Engeset, språkforskar og tidlegare mållagsleiar Jan Olav Fretland, med jurist Kari Bjørke som sekretær.

Dei skriv, dei snakkar, dei møtest, dei fotgår moglege støttespelarar i og utanfor Stortinget. Aldri gir dei slepp på grunn tanken om at dette skal bli ein nasjonal institusjon. Vil Stortinget gjere det til eit regionalt tiltak, får det

heller vere. Gruppa er sikker i si sak: Då kastar dei korta. Av dei partia som i 1991 var med på ei fleirtalsløyving til forprosjektet, er det i Arbeidarpartiet tanken om ein nasjonal institusjon sit lengst inne. Til slutt er det berre FrP som ikkje sluttar seg til planane. Vegen frå ein liten mindretalsmerknad i 1990 til fleirtalsvedtak om bygging i 1995 er eit skuleksempel i dyktig parlamentarisk handverk og målretta fagleg arbeid.

Statsråd Åse Kleveland brukte Aasen-året 1996 til å gi arkitekt Sverre Fehn i æresoppdrag å teikne det nye Aasen-tunet. Sunnmøringane brukte det same Aasen-året til å diskutere kva sitt om det hadde noko for seg å byggje ein slik ny kulturinstitusjon. I Ørsta og Volda skreiv over 2000 seg på protestlister, men dei politiske vedtaka blei ståande. Ørsta og Volda kommunar, Møre og Romsdal fylkeskommune og Kulturdepartementet gjekk saman om å bygge institusjonen. For nær sagt kvart nytt dokument krympa nybygget. I forprosjektrapporten av 1992 skulle bygget vere på 2700 m² og koste 60 millionar kr. Då bygget stod ferdig, var det redusert med 40 %, til 1600 m². Byggjerekneskapen blei som budsjettert: 53 millionar kr.

Men før noko bygg kunne reisast, måtte lause tankar omformast til handfaste storleikar. Ei brukargruppe, igjen med Nerbøvik som leiar og med museumskjennaren John Aage Gjestrum som sekretær, hadde kome i gang våren 1996. Gruppa skulle tenkje ut innhald og bruk og klargjere premisseane overfor byggherren Statsbygg. Eit års tid seinare var hovudtrekka i planane klare: eit bygg med konser-

og foredragssal, kafé, bibliotek, basisutstilling, dataspel og alt nødvendig utstyr for å digitalisere tekst og bilet til nettstaden i institusjonen. Særleg intenst arbeidde gruppa med spørsmål om det å setje eit språk på utstilling.

Nynorsk kultursentrum

Staten skulle stå for det offentlege driftstilskotet til denne nasjonale institusjonen. Det innebar også statleg styreleiar og styrefleirtal. Våren 1998 tok historieprofessor og tidlegare rektor ved Universitetet i Tromsø, Narve Bjørgo, over leiarvervet. Her hadde departementet funne ein fagleg og administrativ tungvektar med både røysnsle og målretta visjonar. Ivar Aasen-stiftinga blei døypt om til Nynorsk kultursentrum for å få fram at visst skal Ivar Aasen-tunet vere eit museum for Ivar Aasens liv og verk, men institusjonen skal også dekkje alt anna som vedrører nynorsk skriftkultur.

I det første notatet frå november 1990 dreiar heile prosjektet seg om «å erstatte tomrom med innhald». Ei basisutstilling i nybygget var eit vensentleg tiltak for å oppnå dette. Den skulle pregast av fleksibilitet, aktivisering og undring. Og slik blei det. Delar av utstillinga kan skiftast ut etter behov. Publikum får på svært ulike måtar høye til å aktivisere seg. Og der nokon kanskje ville ha vore påståelege og skrive lange manifest, byd utstillinga på undring og rom for ettertanke om språkleg rausheit og kulturell respekt. Uttrykket «permanent utstilling» er bannlyst. Kvar einaste dag sidan opninga har det vore noko nytt i utstillinga. Slik vil det vere i framtida også. Denne dynamikken er noko heilt nytt i

Sverre Fehns utstillingsestetikk, og er ikkje minst blitt utvikla av utstillingsprodusenten John Aage Gjestrum.

Etter ein idé frå Ola E. Bø fekk Senter for livslang læring på Lillehammer oppdraget med å lage eit dataspel om norske dialektar, med Arne Torp ved Universitetet i Oslo som fagleg rettleiar. Målet var å lage eit dataspel som både var underhaldande og lærande. Det skulle dekkje behovet for skuleklassar, og det skulle tilfredsstille dei mange krinsmeistrane i den norske folkesporten «Kor kjem du frå?» Dialektspelet blei raskt ein publikumsvinnar.

Ivar Aasen-tunet

Etter ti års tankearbeit og eitt års bygjetid stod nybygget ferdig våren 2000. Storting og regjering har realisert Aasen-tunet «fordi vi erkjenner at det tospråklege har ein verdi i seg sjølv», sa statsråd Ellen Horn i opningstalen 22. juni. «Ved å ta lærdom av vår eigen fleirkulturelle situasjon, som nynorsken har prega så sterkt, vil vi også vere betre budde på å møte det fleirkulturelle internasjonale samfunnet. Denne kulturelle spenninga mellom jamstelte målformer, med alle dei spørsmål om makt som den spenninga inneber, er med og gjer norsk kultur interessant i andre land.»

For ein ny institusjon er ein god start avgjerande. Den dagen vi står overfor dei problema som nok vil kome, kan vi i allfall ikkje skulde på opningssesongen. Etter fire månaders drift passerte vi det budsjetterte besøkstalet for heile 2000. 60 % av besøket gjeld utstillingane, resten er arrangement.

Berre hausten 2000 har vi presentert m.a. platekåseri om Liverpool-poetane, foredrag om språkplanlegging i Zimbabwe, lysbiletforedrag om norsk historie og diskutert nynorsk som sidemål. FrP-representanten Per Inge Øye i Ørsta kommunestyre tok hatten av for haustprogrammet: «Her er det fleire arrangement som til og med eg sjølv kan tenke meg å vere med på!» Vi vonar at brei publikumsappell, sterke opplevingar, ny innsikt og høg kunstnarleg kvalitet vil vere kjennemerka for det publikumsretta arbeidet vårt. Kvart år kjem vi til å ha 70–80 eigne arrangement i Aasen-tunet, medrekna Dei Nynorske Festspela. Dette gjer Aasen-tunet til ein tung aktør blandt norske kulturhus.

Publikum er med og gjer Aasen-tunet nasjonalt. Sommaren 2000 var 8 av 10 gjester tilreisande, kvar fjerde gjest budde i Oslo eller Akershus, og 4 av 10 gjester var bokmålsbrukarar. Det syner at institusjonen kryssar språk- og kulturskiljet mellom bokmål og nynorsk. Og bokmålsbrukarane sette like stor pris på tilbodet vårt som nynorsk-brukarar gjorde. Likevel trur eg nynorskbrukarane nyttja tilbodet annleis. For somme var det ein mental kveik á kome hit, for andre ei stadfesting av at språket deira er godt nok.

Det finst i alt 16 nasjonale kulturinstitusjonar som staten har driftsansvaret for. Mellom Bergen og Trondheim finst det berre éin slik institusjon. Den ligg i Indrehovdevegen 176, 6160 Hovdebygda. Når vi ser besøkstal i høve til folketal i vertskommunen, blir Ivar Aasen-tunet blant dei største i landet.

Dessutan er dette ein av dei få nynorskinstitusjonane som ligg i eit

nynorsk kjerneområde. Det gir oss ei anna innsikt i kvardagslivet til nynorskbrukaren enn om også denne institusjonen hadde hamna i Oslo. I heile 2000 retta vi mest merksemld mot den lokale arenaen. Det gjaldt å snu skepsisen, oppheve likesæla, skape forventningar. No ser det ut til at den lokale arenaen er vunnen i første omgang. Alle slike arenaer må vinnast gong på gong. Men med eit positivt lokalt utgangspunkt blir det no mogleg å prioritere høgare den nasjonale og internasjonale delen av arbeidet vårt.

Nynorsk kultursentrum legg stor vekt på at institusjonen skal dekkje alle relevante faglege funksjonar og ha den faglege tyngda ein nasjonal institusjon treng. Vi skal ha noko å tilføre både Museums-Noreg og Nynorsk-Noreg. Også den fleksibiliteten som er lagd inn i utstillingsdelen, føreset oppfølging og rom for fagleg fornying. Balansen mellom fagleg tyngd og utoverretta formidling er enno ikkjefunnen. Institusjonen skal leve gjennom utstillingar, aktivitetar og eit aktuelt programtilbod som strekkjer seg over heile året, med ein profil som både tek omsyn til innbyggjarane på Sunnmøre, den nasjonale opplevingsmarknaden og kvardagen til nynorskbrukarane.

Eit dokumentasjonssenter

Å byggje opp Aasen-tunet også som eit dokumentasjonssenter tek lengre tid enn å etablere eit fast kulturprogram. Eit dokumentasjonssenter inneholder både arkiv, bibliotek og museum, og Ivar Aasen-tunet dekkjer alle dei viktigaste oppgåvene for slike senter:

● *Forvalting av materiale som informasjons- og kjeldegrunnlag*: Ved sida av ei komplett samling Aasen-gjenstandar og den største samlinga av Aasen-handskrifter utanom Nasjonalbiblioteket rommar Aasen-tunet Reidar Djupedals store boksamling, fleire mindre samlingar, og over 2000 originaldokument frå Sivert Aarflots arkiv er deponerte her.

● *Systematisk dokumentasjon*: «Nynorsk faktabok» er ein svært omfattande dokumentasjon i tal av utviklinga for nynorsk skriftkultur. Boka kjem i ny utgåve i 2001. Materialet til boka Den store nynorske sitatboka utgjer ein database med 800 sitat om nynorsk gjennom to hundreår. Den bruker vi dagleg i Aasen-tunet.

● *Utoverretta informasjonsbehandling*: Nettstaden aasentunet.no blir bygd ut etter kvart, og vil gjere det mogleg for publikum over heile landet å nytte tenester frå Nynorsk kultursentrums. Delar av samlingane vil bli digitaliserte. Alle gjenstandane etter Ivar Aasen er fotograferte, og denne gjenstandskatalogen vil bli lagd ut på nettstaden, ikkje minst til glede for lærarar over heile landet.

● *Sterke og til dels formelle bindingar til utdanning og forsking*: Ein avtale med Dokumentasjonsprosjektet er på plass, samarbeidsavtalar med Ivar Aasen-instituttet og med Høgskulen i Volda vil kome, og redaksjonen i Norsk Ordbok leverer nye ordboksartiklar til nettstaden vår kvar veke.

● *Brukarorientert formidling ut frå folkeopply�ingsideologien*: Gjennom utstilling-

ar, arrangement, kurs, foredrag og artiklar kan vi få publikum i tale. Til dømes er Ivar Aasen-tunet blant dei få museumsinstitusjonane som tilbyd ferdig utforma program for alt frå barnehagar til tredje klasse i vidaregåande skule.

Det nynorske repertoaret

Aasen-tunet gir den nynorske skriftkulturen endå ein aktør i det språkpolitiske og allmennkulturelle ordskiftet. Språkpolitisk vil Nynorsk kultursentrums spele ei sjølvstendig, aktiv og kritisk rolle i høve til styresmaktene. Vi vil vere med og utvide det nynorske repertoaret. Vår oppgåve er ikkje å gjere fleire folk til nynorske læresveinar, men å auke spennvidda i arbeidet for nynorsk skriftkultur og dermed gi det daglege slitet betre grunnlag: Vi skal gjere det lettare å vere nynorsk-brukar og lettare å bruke nynorsk, gjere nynorskbrukarane stolte av språket sitt, styrke den kulturelle eigenidentiteten til nynorskbrukarane, og skape større forståing for nynorsk skriftkultur blant bokmålsbrukarar.

For å greie iallfall noko av dette stiller Nynorsk kultursentrums med blanke ark, Sverre Fehns fargestiftar og behova i det nye hundreåret.

Personnemningar til stadnamn

Kva blir ein person frå Førde i Sogn og Fjordane kalla? Eller ein person frå Eidfjord i Hordaland? Språkrådet har lagt ut ei liste med personnemningar til stadnamn i Noreg på denne nettsida: <http://www.sprakrad.no/geografi.htm>.

Pilegrimsvandring i vår tid – langs *led* eller *lei*?

ELI ELLINGSVE

I 1997 BLE DET ÅPNET to vandreveger til Trondheim: fra Oslo gjennom Gudbrandsdalen over Dovre og fra svenskgrensen gjennom Verdalen forbi Stiklestad. Vegene var et resultat av et flerårig samarbeidsprosjekt (1993–1997) mellom sentrale og lokale styresmakter. Initiativet til prosjektet kom fra Fylkesmannen i Oppland, som foreslo at en skulle tilrettelegge og merke de gamle vegfarene som blant annet ble brukt av pilegrimer i middelalderen. Formalet med prosjektet, som etter hvert fikk navnet *Prosjekt pilegrimsleden*, var å revitalisere historiske veger og stimulere til turaktivitet, og det skulle være «et konstruktivt samarbeid mellom naturvern- og kulturvernmyndighetene som samlet kan fokusere på gamle ferdsselsårer». Allerede i 1994 ble det reist kritikk fra ulike hold mot betegnelsen *pilegrimsled*, som ble oppfattet som et språklig fremmedelement i de områdene vegene gikk gjennom. Dette markerte opptakten til en lang diskusjon mellom prosjektledelsen (i hovedsak ved Direktoratet for naturforvaltning og Riksantikvaren) og enkelte privatpersoner samt private og offentlige instanser. I 1995 vedtok prosjektledelsen å beholde prosjektbetegnelsen *Prosjekt pilegrimsleden*, men overlot ellers til hver kommune å velge mellom alternativene *pilegrimsleden* og *pilegrimsleiа*. Mangelfull forståelse av rekkevid-

den av dette vedtaket utløste ny kritikk i 1997, etter skilting av vegstrekninger i Sør-Trøndelag med teksten *Pilegrimsleden*. I flere kommuner i dette fylket ble skilttekstene endret til *Pilegrimsleiа* i 1999. Diskusjonen omkring ordvalg og skriveformer i denne saken avdekket en viss kunnskapsmangel i statlige forvaltningsorgan om norske rettskrivingsregler og gjeldende lov- og regelverk for målbruk i offentlig tjeneste og skrivemåten av stedsnavn. Det kan også være interessant å se på prosjektledelsens forståelse av begrepene kultur og kulturvern i sammenheng med behandlingen av språkspørsmålet innenfor prosjektet.

Levende taalemål og arkaiske taalemåter

I norrønt språk synes hunkjønnsordet *lei* 'lei, veg' å være brukt med abstrakt innhold snarere enn med referanse til en konkret veg. Slik brukes ordet også helst i nyslandsk språk i dag. De 431 oppskriftene for *lei* i Norsk ordboks arkiv viser det samme: I ulike geografiske områder og i de nynorskttekstene ordboka refererer til, er hovedbetydningen av ordet i norske målføre 'retning', og i noe mindre grad 'avstand' eller 'område'. Dette harmonerer med definisjonene i Bokmålsordboka og Nynorskordboka. Som begge disse ordbøkene viser, kan *lei* i tillegg brukes

med innholdet 'farvei langs kysten'. Skriveformen *led* var ikke tillatt etter rettskrivingsreformen i 1938, men ble gjeninnført i bokmål i 1996 (altså i prosjektperioden). Til tross for at prosjektets referansegruppe i 1995 hevdet at det for mange norske dialektgrupper ville være like kunstig å bruke formen *lei* som det for andre ville være å bruke formen *led* om pilegrimsvegene, må dette være ukorrekt. Denne konklusjonen styrkes av opplysningene i Norsk riksmålsordbok (NRO 1937), der det fremgår at *led* i betydningen 'allfarvei; vei' oppfattes som foreldet, mens *led* om en sjøvei derimot karakteriseres som «alminnelig brukt».

Opplysningene i Riksmålsordboken faller sammen med opplysninger i danske ordbøker, som bekrefter at *led* brukt om 'vej' oppfattes som litterær språkbruk, poetisk eller arkaisk. Det samme forholdet beskrives i svenske ordbøker: Ordet *led* forekommer der mest i skjønnlitterær sammenheng, og helst med betydningen 'sjøveg', men også i visse faste uttrykk og som siste ledd i sammensatte ord. Det er likevel trolig at prosjektledelsen kan ha hatt et svensk forbilde for sitt ordvalg (jf. svenske navn som *Kungsleden*, *Pilegrimsleden*). Valget av ordet *led* med et abstrakt innhold 'retning' istedenfor det alminnelige ordet *veg* (som i eldre norske vegnavn som *Kongeveien*, *Den Fredrikshaldske Kongevei*, *Den Vestlandske Hovedvei*, *Den Trondhjemiske Postvei*) med referanse til konkrete veger begrunnes ikke i sammenheng med drøftingen av skriveform. I det opprinnelige brevet fra Fylkesmannen i Oppland til Miljøverndepartementet i

1992, der forslaget om å etablere en vandreveg reises, forekommer bare ordet *veg*.

Kritikk av prosjektledelsens språksyn og språkkunnskaper

I 1994 ble det altså reist kritikk mot bruken av betegnelsen *pilegrimsleden*. Prosjektets referansegruppe drøftet kritikken, men vedtok i 1995 at prosjektet fortsatt skulle kalles *Pilegrimsleden*, begrunnet med «en følelse av at denne formen bygger best opp under prosjektets idé og innhold». Prosjektledelsen valgte å profilere prosjektets idé og innhold ved hjelp av et ord som ikke hadde vært tillatt innenfor norsk rettskriving etter 1938, som ble karakterisert som 'foreldet' og 'litterært', og som ikke forekom i målføreområdene langs vegen. Vurdert i lys av prosjektets mål om å kombinere natur- og kulturopplevelser og fremme og forene interessen for friluftsliv, natur og kultur synes dette valget å hvile på et kulturbegrep som ikke omfattet eller tok hensyn til det levende språket i prosjektområdene. Kulturdepartementet – fagdepartementet for kultursaker, herunder også språk – som kunne ha medvirket til utvidelsen av prosjektets kulturbegrep, var imidlertid ikke representert i referansegruppen og nevnes heller ikke blant aktuelle samarbeidspartnere i dette og lignende prosjekt i en håndbok som ble gitt ut av Direktoratet for naturforvaltning i 1994 i forbindelse med prosjektet.

Prosjektets referansegruppe vedtok altså at prosjektet skulle kalles *Pilegrimsleden*, men at en ville la «enhver bruke den form som i dag faljer naturlig», og at «de som føler at det

faller bedre inn i språket, kan bruke *Pilegrimsleia*». Det ble ikke gitt informasjon om at formen *-leden* faktisk ikke var tillatt i henhold til rettskrivingen. Følgende utsagn fra prosjektledelsen kan tyde på at kunnskapsnivået i saker som gjaldt lover og regelverk for bruk av norsk språk i Norge, lot noe tilbake å ønske: «Når alt kommer til alt, blir dette en følelsessak, og vi fant det derfor riktig å åpne for muligheten til å følge sitt språkhjerte.» Prosjektledelsen valgte å skille mellom den overordnede, statlige prosjektvirksomheten på den ene siden – der den ikke tillatte formen *Pilegrimsleden* ville bli brukt – og den prosjektvirksomheten som foregikk på underordnet, ikke-statlig hold, på den andre siden (seinere definert til kommunalt hold) – der en skulle kunne velge mellom den tillatte formen *Pilegrimsleia* og den ikke tillatte formen *Pilegrimsleden*. Prosjektledelsen problematiserte eller definerte imidlertid ikke grensene for ansvars- og rettighetsområder mellom ledelsen og «enhver». Det faktum at vedtaket faktisk bekreftet at alle kommunene nå kunne benytte sin valgte offisielle målform i prosjektsammenheng i henhold til lov om målbruk i offentleg teneste (målloven), i motsetning til hva som hadde vært praktisert tidligere, ble heller ikke kommentert. Ledelsen orienterte om vedtaket om språklig valgfrihet i prosjektets nyhetsblad i mai 1994, men fortsatte likevel å sende ut retningslinjer og materiell som ensidig viste skriveformen *pilegrimsleden*. Dette skjedde blant annet i sammenheng med forskriftene av 1995 for skilting og merking av vegstrekningen, som skulle sikre at vegene

skulle få et enhetlig preg. Forskriftene inneholdt flere eksempler på skilttyper, alle med skriveformen *Pilegrimsleden*. Den alternative – og tillatte – skriveformen *Pilegrimsleia* vises eller nevnes ikke, og forskriftene informerte heller ikke om språklig valgfrihet. I Nord-Trøndelag fylke vedtok en imidlertid å bruke formen *-leia* i alle kommuner.

Språkrådet gjeninnfører *led*

I januar 1996 vedtok Norsk språkråd på sitt årsmøte å gå inn for at skriveformen *led* m. skulle gjeninnføres ved siden av formen *lei* f. Dette vedtaket kan karakteriseres som oppsiktsvekkende. Med dette vedtaket gjeninnførte man en form som ble fjernet fra rettskrivingen i 1938, og som var blitt betegnet som foreldet i Norsk riksmaلسordbok i 1937. I tillegg ble vedtaket fattet på et tidspunkt der en utbredt holdning var at en burde redusere antall valgfrie former i språket. For prosjektledelsen løste vedtaket i Språkrådet en pinlig situasjon. For kritikerne av prosjektets språkbruk må vedtaket ha fortont seg som et bestillingsverk i denne sammenheng.

Vegskilt skaper strid

Våren 1997, i siste fase av prosjektarbeidet, satte Statens vegvesen i Sør-Trøndelag opp en rekke skilt med teksten *Pilegrimsleden*, i samsvar med teksten i prosjektledelsens forskrifter fra 1995, og uten kjennskap til at flere kommuner ønsket teksten *Pilegrimsleia*. Handlingen utløste en ny bølge av kritikk mot prosjektledelsen, fra kommunalt og privat hold, deriblant fra en brevskriver som ordla seg slik:

«Denne skiltinga er eit hån mot bygdafolket, mot kulturarven vår og mot språket vårt.» I prosjektets sluttfase ble det ikke truffet tiltak for å rette opp tekstingen i Sør-Trøndelag, og vandrevegen til Trondheim ble åpnet sommeren 1997 med skiltteksten *Pilegrimsleden*. Kritikken vedvarte imidlertid etter prosjektets avslutning. Etter henvendelse fra flere kommuner i fylket, som forlangte at skilttekstene ble endret, bad Statens vegvesen i Sør-Trøndelag i 1998 Vegdirektoratet om å vurdere en navneendring, og anbefalte at navnet ble endret til *Pilegrimsleia* i alle fylker. Anbefalingen var i samsvar med vedtak både i fagnemnda i Norsk språkråd (1996) og i Statens navnekonsulentjeneste (1997 og 1998). Fagnemnda begrunnet sitt vedtak med at *-leia* var fellesform for bokmål og nynorsk og altså kunne skape den ønskete språklige enheten mellom bokmåls- og nynorskkommuner, i motsetning til formen *-leden*. Statens navnekonsulenter anbefalte formen *-leia* på grunnlag av kravet i lov om stadnamn om at en ved fastsettelse av skrivemåten for et stedsnavn skal ta utgangspunkt i den nedarvete (tradisjonelle) lokale uttalen av navnet. Høsten 1998 inviterte prosjektledelsen alle berørte kommuner og fylkeskommuner til seminar der det blant annet ble orientert om mulighetene for å ta i bruk skriveformen *Pilegrimsleia* i informasjonsmateriale og på skilt. At saken kom på dagsordenen nok en gang, skyldtes trolig blant annet et brev fra Vegdirektoratet til prosjektledelsen tidligere samme år, der Vegdirektoratet påpekte at informasjonen til skilt-

myndighetene (kommunene og Vegvesenet) om språklig valgfrihet ikke hadde vært god nok. Vegvesenet i Sør-Trøndelag foretok i løpet av 1999 omskilting av vegen i de kommunene i fylket som ønsket det.

I ettertankens lys

I ettertid er det ikke vanskelig å kritisere ledelsen for *Prosjekt pilegrimsleden* for å ha oversett språkets plass i et kulturbarende prosjekt av denne karakter og omfang, og for ikke å ha forstått rekkevidden av sitt språkvalg i forhold til gjeldende lover og regelverk for språkbruk og skrivemåten av stedsnavn i Norge. Det tjener imidlertid prosjektledelsen til å være at den ikke har lagt skjul på at prosjektet medførte bevisstgjøring omkring slike forhold, noe de følgende utsagnene fra 1998 og 1999 viser: «No i ettertid er det lett å sjå at DN/RA [Direktoratet for naturforvaltning/Riksantikvaren] i oppstarta av prosjektet kunne vore langt meir medvit om at språkforma og dialekta varierer langs ruta både frå nord og sør til Trondheim. Dette kunne i neste omgang gjeve som resultat at materiell av ymse slag som skilt og brosjyrer i utgangspunktet fekk tospråkleg drakt.» ... «Det er å vone at debatten og presseoppsлага har ført til større medvet om språket vårt mellom folk flest. Slik kan vi vel seie som i ordtaket, at ikkje noko er så ille at det ikkje er til gagn for noko.»

Forfatteren ønsker at eventuelle kommentarer til artikkelen blir sendt til eli.ellingsve@hf.ntnu.no

Frå einfelde til ordyrje

TOR ERIK JENSTAD

SOM VI VEIT, finst det eit yrjande mangfald av livsformer i naturen. Biologane kan fortelje oss at alt dette har utvikla seg frå primitive eincella organismar. Noko tilsvarende kan vi sjá i språket, utan at vi dermed skal dra parallelle for langt og oppfatte språket som ein levande organisme, slik det til dels vart gjort før. Vi treng ikkje gå lenger enn til våre eigne dialektar for å møte eit påfallande mangfald av former på ulike nivå i språket. Det som i utgangspunktet ser ut til å vera den enkleste lydsekvens, kan gje dei mest varierande resultat.

Eit av dei mest frekvente orda i språket vårt er det vi omtalar oss sjølv med (når vi ikkje brukar namnet vårt), altså det personlege pronomenet i første person eintal, subjektsform – *eg*. Variantane går her tilbake på to «urtyppar» på det norrøne språksteget, vestnordisk *ek* og austnordisk *jak*, som begge må ha funnest på norsk område. Frå den siste har vi fått utvikla dei typiske austlandsformene *je*, *jei* o.l., med *j* først i ordet.

Ut frå *ek* har vi fått uttalevariantar som sprikjer frå den tronge vokalen *i* (Romsdal, Sunndalen, Snåsa og Li) til den heilt opne *æ*, som vi finn på mykje av trøndersk og nordnorsk språkområde. Korleis kan dette ha seg? Først må det ha gått for seg ei svekking av *k*-en til *g*, slik at vi fekk forma *eg*.

Overgang frå *p*, *t* og *k* til *b*, *d* og *g* i visse stillingar i ordet hører heime på Sørlandet («den bløde kyststribe») og lengst sør på Vestlandet. Men akkurat i pronomenet *eg* ser det ut til at vi har fått «blaut» konsonant over heile landet, jamvel om det finst ein tradisjon frå ytre Nordmøre (Aure, Smøla) om at somme riktig gamle, som var fødde tidleg på 1800-talet, skal ha sagt både *æk*, *mæk* og *dæk*. Fell *g*-en i *eg* bort, vil resultatet bli *e*. Ei såkalla «lägning» av vokalen til *æ* (som i *hæst* for *hest*, og tilsvarende utviklingar i t.d. *fesk* for *fisk* og *bøgd* for *bygd*) er også ein heilt normal prosess, og dermed kan vi forklare både *aeg* og *æ*.

Forma *i* har truleg oppstått som ein trykklett variant av *eig* eller *ei*. Det er ikkje uvanleg at personlege pronomen har ulike former i trykksterk og trykklett stilling, jf. *han* og *'n*. Overgangen frå *eg* til *ei(g)* er ei diftongering av same slag som når ordet *veg* kan bli uttala *veig*.

Dialektgeografien støttar opp under denne teorien om opphavet til forma *i*. *I*-området i Romsdal grensar opp til Sunnmøre, der dette pronomenet har uttalen *ei*, medan *i*-området i Nord-Trøndelag står i kontakt med Inner-Namdalens, der pronomenet lyder *eig*. Ein har nok opphavleg hatt både *ei(g)* og *i* i begge områda, fordelt som trykksterk og trykklett variant, og

med kvart har ein gjennomført anten den eine eller den andre forma i alle stillingar.

Eit anna moment som talar for denne forklaringa, er at den ubundne artikkelen *ei* (til dels også *eit*) i ein del dialektar har den trykklette forma *i*. Ein kan altså snakke om både *i bygd* og *i hus* for *ei bygd* og *eit hus*. Somme stader er dette også gjennomført i tryksterk stilling.

Utviklinga i jamvektsord

Ei ordgruppe som kan utvikle dei merkelegaste former fra eit enkelt utgangspunkt, er dei såkalla *jamvektsorda*. Dette er tostava ord som i norrøn tid hadde kort rotvokal med kort konsonant etter rotvokalen. Det er i det austnorske dialektområdet (austlandsmål og trøndermål) at slike ord får særbehandling, og det gjer seg særleg gjeldande i kategoriene hokjønnsord som endar på trykklett *e*, som *veke* og *vise* (såkalla *svake* hokjønnsord), og i infinitiv av verb. I dette området kan rotvokalen og endingsvokalen i slike ord jamne seg ut etter kvarandre på ulike måtar.

Spesielt mykje variasjon kan det bli i ord som på norrønt hadde ein ð (ein stemd lespelyd, som til dømes i engelsk *either*) mellom rotvokalen og endingsvokalen. Vi skal sjå på eit døme på det, og vel norrønt *īða* 'bakevje', som i moderne norsk blir skrive *ide*. I tillegg til nominativsforma *īða* hadde norrønt *īðu* i dei tre andre kasusa (akkusativ, genitiv og dativ), og det er denne forma som er utgangspunktet for somme av dialektformene i dag.

Ein uttale som bokstavrett tilsvavar våre dagars skriftform *ide*, finn vi tru-

leg berre somme stader på Nord-Vestlandet. Etter vanlege reglar i norske målføre finn vi så uttaleformer som *ie* og *ia* på Sørlandet, Vestlandet og i Nord-Noreg. Også i Austfold og Telemark finst forma *ie*. På Helgeland kan ordet lyde nærmast som *īæ*, og somme stader nordpå er også notert *īja*, som har ein *j* innskoten mellom dei opphavlege vokalane. Frå Vesterålen er *īja* registrert. Det er spreidde einskildbelegg på *iu* i austlandsområdet. Heil avkortning til *i'* kan ein støyte på i Lofoten og Vesterålen.

Som resultat av ein velkjend og vanleg lågningsprosess har ordet fått *e* som rotvokal ein del stader: *ea* finst i Fosen, Ytter-Namdalens og i Nord-Noreg, *ee* er brukt i Follo, *ēā* på Nordmøre og i ytre og nordre delar av Namdalens, *eo* eller *eu* i Gudbrandsdalen og einskildvis på Nordmøre, og ordet kan vera heilt nedskore til *e'* på Nord-Fosen og i søre delar av Ytter-Namdalens. Stundom kan rotvokalen vera enda meir lägna: *æe* (Eid i Romsdal, Bardu i Troms).

Dei merkelegaste formene av dette ordet har vi likevel innanfor jamvektsmåla. I Engerdal og Nord-Østerdalen har ein *oe* eller liknande, og tilsvarende former går vidare inn på trøndersk område i øvre og midtre Gauldalen (i Singsås også *aue*). Konsonanten mellom vokalane er bevart og forlengd i den mykje utbreidde austtrønderske forma *uddu*, som også er kjend i stodnamn som *Udduvoll*. *Uddu* har det heitt endatil i bymålet i Trondheim. I somme trønderdialektar kan det også bli sagt *øddu* (Tydal, Verdal, Snåsa), og den lydrette jamningsforma i Inner-Namdalens er *oddu*.

Med utgangspunkt i dei utjamna formene kan ein så ved bortfall av mellomkonsonanten få *u'* eller *uu* (Meldal, Rennebu, Oppdal, Horg).

Når ein i trøndermål også finn variantar som *veo*, *vuddu*, *vøddu* og *vu'*, særleg i samansetjingar som *attveo*, *bakvuddu*, *kringvøddu* o.l. (som alle tyder ‘bakevje, ringstraum’), går dette helst tilbake på ei utgangsform *vode*. Men kor ein no reknar, har norrønt *idå* oppfylt det norske språklandskapet med over tjue forskjellige former!

Kvae

Det siste dømet vi skal ta for oss for å illustrere det slåande mangfaldet av former som kan finnast i dialektane våre, er også eit svakt hokjønnsord. Ordet er *kvæ* eller *kvae* «harpiks». Dette er eit såkalla overvektsord, i alle fall i utgangspunktet, sidan det har lang rotstaving. Den norrøne forma er *kváða*, der á markerer lang *a*-lyd. Men som vi skal sjå, oppfører det seg til dels som eit jamvektsord. Det er elles ikkje uvanleg at ordet har gått over til hankjønn, stundom også til inkjekjønn.

Forma *kvae* er truleg den mest vanlege i austlandsområdet, og ho finst elles spreidd i alle landsdelar, ofte truleg som innslag frå skrift. På Austlandet seier ein mange stader også *kva* (med to stavningar), og innimellom finn vi *kva*, som er inkjekjønn. Forma *kvæ* (eller *kvåa*, i a-målsområdet i Sørvest-Noreg på stader der ordet framleis er hokjønn) kan vi registrere frå Telemark, Agder og oppover heile Vestlandet til Romsdal, ofte i lag med andre former. Også i Gudbrandsdalen seier dei *kvæ*. I dei mest typiske kyst-

områda har ein i mange høve ikkje ordet i det heile, og nyttar i staden lánordet *harpiks* eller *harpeis(e)*. Variantar som held på *d*-en, finn vi i eit lite område på Nord-Vestlandet, med *kvade* i Nordfjord (her også *kode*) og *kváde* på øvre Sunnmøre. I Agder og Romsdal finst også forma *kvoe*, her og der på Vestlandet *kvoa*, og i Nesna er *kvoä* oppskrive; sjå meir om variantar med ovokal nedanfor.

I austlandsdalane kan vi sjå at ordet får jamvektsformer: *kvão* eller *kvaø* i Valdres, *kváu* eller *kvau* i Hallingdal, og *kvøu* (med ein spesiell ø-lyd) i Telemark og øvre Numedal. *Kveu* er registrert frå Nore i Numedal. *Kvu'* og *kvo'* frå Oppdal i Sør-Trøndelag må også gå tilbake på jamvektsformer, og det same gjeld truleg *kvue*, som er notert frå Hustad i Romsdal.

V-en kan falle bort, noko som gjev oss former som *kæ* (Odal, Solør, Østerdal o.fl. i Hedmark fylke, Lesja, einskildvis i Telemark, Bardu og Målselv) eller *kåa* (av og til i Hordaland). Før v-en forsvann, kan han ha verka med til at á-en endra seg til *o*. Resultatet av dette blir *kode* (Nordfjord, Sunnmøre), *koe* (somme stader i Østerdalen, Øyer, Nedre Telemark, Vestfold, Sunnmøre, Romsdal, Nordmøre, øvre og midtre Gauldalen, rørosbygdene, Selbu, Tydal, innimellom i Nord-Noreg), *køa* (a-målsområdet på Vestlandet; mange stader i Nord-Noreg – her også som *koæ*) eller forkorta *ko(')* (av og til på Sunnmøre, svært vanleg i Trøndelag, ofte i Nord-Noreg). *Ku'* i Rennebu går truleg ut frå *kvu'*, ei form som ein enno har i grannebygda Oppdal.

Til side 32

Språkteknologi i Norge

TORBJØRG BREIVIK

NYLIG KOM EN RAPPORT fra Norges forskningsråd som heter «Språkteknologi i Norge – eksisterende og påkrevet forskning». Rapporten er skrevet av forskere som selv arbeider med sentrale språktekhnologiske forskningsprosjekt. Rapporten gir en oversikt over språktekhnologisk forskning og utvikling i Norge, hvilke prosjekt som foregår hvor, og hvilke utfordringer Norge står overfor på dette fagområdet. I tillegg gis en kort oversikt over det som skjer i Sverige, Finland og Tyskland.

Det kommer stadig flere og flere produkt på markedet som baserer seg på språktekhnologi. De fleste av disse er engelskspråklige, og behovet for norske utgaver er opplagt. Skal man nyttiggjøre seg system som har automatisk korrekturlesing, automatisk tekstsammendrag, eller som kan oversette maskinelt, har innebygde dialoger eller lignende, blir det vanskelig for en norsk bruker å benytte norsk om ikke systemet er basert på norsk språk. Talestyring av maskiner, taleproteser og høgtlesing av e-post blir ikke så funksjonelt og tilgjengelig for folk flest i Norge om man bare kan benytte engelske versjoner.

Rapporten peiker på at det er nødvendig å utforske det norske språket og utvikle språktekhnologiske produkt basert på denne kunniskapen for at det skal være mulig å få full uttelling av denne typen produkt for norske brukere. Den språklige informasjonen disse systemene inneholder, er svært kompleks og basert på strukturen i det språket de er utviklet for. Det er derfor tale om langt mer enn tilpasning til norsk for at de skal kunne analysere og i neste omgang produsere norsk.

Ny kunniskap utvikles i møtet mellom fag som tradisjonelt ikke har hatt så mye med hverandre å gjøre (tekhnologi, lingvistikk og akustisk fonetikk), og den nye innsikten kan resultere i produkt som kan gjøre hverdagen enklere for folk flest. Rapporten konkluderer med å foreslå et norsk språktekhnologisk program i regi av Norges forskningsråd.

Signaler tyder på at Norges forskningsråd kommer til å sette i gang et slikt program, og det kan i samme forbindelse nevnes at Norsk språkråd arbeider med en språkpolitisk handlingsplan for norsk språk og IKT der bl.a. spørsmålet om en norsk språkbank blir tatt opp.

Slik leser voksne i Norge

En av tre nordmenn leser så dårlig at de vil ha vanskeligheter med å klare seg i arbeid og fritid. Dette viser den norske delen av en internasjonal rapport om voksnes leseferdighet (Second International Adult Literacy Survey, SIALS). I Norge har 5000 personer mellom 16 og 65 år deltatt i undersøkelsen.

Undersøkelsen har målt i hvilken grad deltakerne kan nyttiggjøre seg ulike typer skriftlig informasjon, både i arbeidsliv og fritid. Testene er delt i fem ulike nivåer, fra nivå 1 med enkle tekster, konkret informasjon og enkle regnestykker til nivå 5 med kompliserte tekster og avanserte regneoperasjoner. De to laveste nivåene er vurdert slik at de ikke er tilstrekkelige for å kunne fungere tilfredsstillende i arbeidsliv eller samfunnsliv. Deltakerne er blitt testet på tre ulike typer tester: løpende tekst, lesing av dokumenttekster og lesing av tekst med kvantitativt innhold.

I Norge fordeler deltakerne seg med 30 prosent på nivå 1 og 2 og 70 prosent på nivå 3, 4 og 5. Dårligst kommer vi ut når det gjelder prosatekster, best når det gjelder lesing av dokumenter og regnestykker. Undersøkelsen viser at voksne under 45 år er flinkere til å lese alle typer tekster enn de over 45 år. Nivået for leseferdighet

har sammenheng med utdanningsnivået. Det er forholdsvis flere personer med bare grunnskoleutdanning på de to laveste nivåene, mens de fleste med høyere utdanning ligger på nivå 3, 4 og 5.

Det er en klar sammenheng mellom arbeidsledighet og leseferdighet. På det laveste nivået er det prosentvis 3–4 ganger så mange arbeidsløse som personer med arbeid. Mer enn 2/3 av dem som befinner seg på nivå 1, mener at deres ferdigheter på de tre aktuelle områdene ikke setter begrensninger for framtidige jobbmuligheter.

Ulike former for voksenopplæring synes å ha positiv effekt også på leseferdigheten. For alle undergrupper (kjønn, alder, yrke og utdanning) skårer de som har deltatt i slike opplegg siste året, klart høyere enn de som ikke har deltatt.

Senter for leseforskning ved Høgskolen i Stavanger har hatt det faglige koordineringsansvaret for prosjektet her i landet. Formålet med undersøkelsen har m.a. vært å kunne sammenligne leseferdigheten i ulike land og belyse hvordan leseferdigheten fordeler seg ut fra variabler som alder, utdannings- og yrkesbakgrunn.

(Fra pressemelding fra KUF 8.9.2000)

Skriveregler

Komma eller ikkje komma, aksent eller ikkje aksent? Svaret kan du finne her:
<http://www.sprakrad.no/regler.htm>.

På denne sida legg Språkrådet ut grunnleggende informasjon om skriveregler og andre språkreglar.

Namn på språk

Språkrådet har nyleg oppdatert oversynet over namn på språk, og har m.a. teke med ISO-kodar. Lista ligg her:
<http://www.sprakrad.no/spraknor.htm>.

Fleire nynorskord etter nye retningslinjer

MARIT HOVDENAK

ORDTILFANGET I NYNORSK har vore drøfta fleire gonger i Norsk språkråd dei seinare åra, og i februar 1999 vedtok rådet eit sett retningslinjer for opptak av tyske og danske importord (lånerord) i nynorske ordbøker og ordlistar, jf. ein artikkel av Jan Terje Faarlund i Språknytt 2-99.

Skuleordlister skal godkjennast av Norsk språkråd. Sekretariatet i Språkrådet, med støtte i fagnemnda, har fått fullmakt til å praktisere retningslinjene når ordlisteredaktørar sökjer om å få godteke ord som skal oppførast i ordlistene. I 2000 har Språkrådet behandla søknader for to ordlister, og gjeve grønt lys for mange ord som har vore haldne ute frå nynorsknorma før.

Den første retningslinja er overordna: «Ord som har stor utbreiing i norske dialektar, bør ikkje haldast ute frå nynorske ordlister og ordbøker». Deretter kjem ein serie avgrensingar, først: «Ein skal leggje vekt på om ordet alt er i vanleg bruk i skriftleg nynorsk». Ut frå dei kjeldene til faktisk språkbruk vi har kunna byggje på, har vi gjeve klarsignal for ein heil del av vanlege ord, t.d. *bryderi, fortsetje, forvandle, krets, kveg og vever*.

Den andre avgrensinga er: «Ein tek ikkje opp ord når dei er synonyme med etablerte nynorskord og ligg nær slike ord i bygnad og skrivemåte». Det vil seie at ein godtek ikkje formene «advare» og «ørkeslaus», fordi «åtva-

re» og «yrke(s)laus» er den nynorske skrivemåten av orda. Vi har vurdert det slik at vi tek ikkje opp forma «løpe» når vi har «laupe» frå før, men saja til *kjedeleg* fordi det er nokså ulikt det vanlege nynorskordet, «keisam».

Retningslinja «Opptak av ord i ei ordklassse treng ikkje føre til at ein tek opp tilsvarannde ordstamme i andre ordklasser» vil seie at ein kan ta opp eit ord isolert utan tanke på om det er aktuelt i andre bøyingsformer. Difor er det greitt med ordet *uansett* (det er mykje brukt både i skrift og tale) sjølv om verbet «ansjå» blir halde utanfor ordlistene; *betenk* har stått i ordlistene lenge, men ikkje infinitiven «*betenkje*».

Det er òg retningslinjer for særlege ordgrupper, for det første «Ein tek ikkje opp ord med førestavingane *an-* og *be-* der nynorsk i same tyding har same ordrota utan den aktuelle førestavinga, eventuelt med etterfølgjande preposisjon». Døme på ord med *an-* vi difor har gjeve avslag på, er «*anrop*» og «*ankomst*», fordi vi har ord som «*rop, tilrop*» og «*framkomst*» frå før. Her er det eit vanskeleg avveggings-spørsmål i kva tilfelle orda faktisk har same tyding. Ord vi derimot har godteke, er *anerkjenning, anta* og *antyde*. Ord på *be-* vi har gjeve avslag på, er «*beføle*» (jf. «*føle på*»), «*bekostning*» (jf. «*kostnad*»), mens vi har godteke *begjær, beskjeden* og *bestikking*.

Substantiv på *-else* er det ei eiga retningslinje for: «Ord på *-else* kan takast opp berre når ein ikkje har synonyme ord på *-ing*, *-nad* eller utan etterstaving. Døme: Ikkje anerkjennelse, frigjørelse, besvarelse.» Av ord på *-else* som ein no kan ta med, nemner vi *følelse*, *hevelse* og *skuffelse*. I denne samanhengen spelar det inga rolle at vi har innarbeidde ord i nynorsk frå før (jf. «kjensle», «vonbrot»), det viktige er at ein no kan skrive fleire ord som er vanlege i dialektane.

Det er mest utførlege retningslinjer for substantiv på *-heit*. Det har komme nokre slike ord inn i ordlistene dei siste 15–20 åra, t.d. «dumheit», «offentlegheit» og «ømheit».

No gjeld desse restriksjonane:

- «a) Ein tek ikkje opp *-heit*-avleiningar av perfektum partisipp, presens partisipp og av adjektiv på *-et(e)*/*-ut*: Ikkje fordømtheit, klossetheit.
- b) Ord på *-laus* skal ha *-loyse* som einaste avleining.
- c) Ord på *-sam* skal ha *-semd* som einaste avleining.
- d) Ord som i nynorsk har etterstavingane *-dom*, *-leik* og *-skap* i allmenn bruk, skal ikkje takast opp med *-heit*.

e) Ein godtek ikkje *-heit*-ord der kortavleiningar er i bruk i dialektane. Døme: samvit, rettferd, vanske, ikkje samvittigkeit, rettferdigheit, vanskelighet».

– Her har vi sett det slik at når språket vårt har eit adjektiv, kan språkbrukaren alltid lage eit tilhøyrande substantiv ved å leggje til *-heit*. Endinga må no reknast som ei ordinær og produktiv ordlagingsending i nynorsk. Av godtekne ord nemner vi *enkelheit*, *ferdigheit*, *høflegheit* og *kunstferdigheit*. Nokre av *-heit*-orda har stor frekvens i daglegtalen, mens andre kanskje førekjem ein sjeldan gong. Somme er redde for at *-heit*-orda skal dra med seg ein meir substantivisk stil i nynorsk. Her vil vi minne om at det er ikkje setningar Språkrådet har godkjent, men enkeltord. Det at Språkrådet no opnar for at ein kan bruke fleire ord på *-heit*, vil ikkje seie at vi oppmodar om å skrive meir substantivisk – vi tilbyr større fridom i ordvalet.

Meir informasjon her:

<http://www.sprakrad.no/ordnyno.htm>

Godt navnevett i Nordland

Norsk språkråd delte 26. oktober ut diplom for godt navnevett til 15 foretak i Nordland. Diplomutdelingen er et ledd i Språkrådets kampanje mot unødvendig bruk av engelsk i norsk, og er en oppmuntring til bedrifter som har valgt gode norske navn på virksomheten sin eller på vareslag. Blant diplomvinnerne var kaffebaren «En kopp» i Bodø, reklamebyrået «Mål og Mening» på Sortland, klesbutikken «Møysalen» i Bodø, treningsenteret «Friskhuset» i Bodø, kafeen «Piloten»

i Brønnøysund, bakeriet «Bakehuset – En smule Bedre» og bilstereobutikken «Lyd på hjul» i Bodø.

Fylkeskultursjef Aaslaug Vaa delte ut diplomene, og medlem i Språkrådet, Bjørg Gaathaug, orienterte om bakgrunnen for kampanjen. Jan Gunnar Hoff og Kristian Johansen stod for de musikalske innslagene. Språkrådet startet kampanjen i 1990. Kampanjen sprer informasjonsmateriell til blant annet næringslivet og skolen.

Norsk språkråd ber KUF avvise valgfritt skriftlig sidemål

I et brev til utdanningsminister Trond Giske i september bad Norsk språkråd Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet avvise forsøk med valgfritt skriftlig sidemål i videregående skole. Valgfri skriftlig sidemålsopplæring vil være et brudd med norsk språkpolitikk, og forsøk med fritak kan på sikt få svært alvorlige følger for likestillingen mellom bokmål og nynorsk, skrev Språkrådet. Bakgrunnen for brevet var et forslag i Oslo bystyre om forsøk med valgfri skriftlig sidemålsundervisning.

Språkrådet pekte på at det er et sterkt behov for pedagogiske forsøk med sikte på å bedre elevenes skrivekompetanse både i sidemål og hovedmål og med sikte på å skape en bedre forståelse for den norske språksituasjonen. Språkrådet bad derfor utdanningsministeren ta initiativ til slike forsøk, og bad også om at det blir satt i verk tiltak for å bedre lærernes kompetanse, særlig når det gjelder undervisning i nynorsk sidemål. Vi gjengir her brevet til utdanningsministeren:

Byrådsak 205/00, Oslo kommune, "Sidemål i videregående opplæring"

Vi viser til innstillingen fra Oslo byråd til bystyret i Oslo 7.8. i år: «Oslo kommune søker Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet om forsøk med valgfri skriftlig sidemålsopplæring i videregående skole.» Vi viser også til alternative forslag som er lagt fram.

Norsk språkråd hilser med glede en pedagogisk debatt om metoder for å forbedre opplæringen i våre to språkformer nynorsk og bokmål. Vi vil likevel klart advare mot forsøk med valgfri skriftlig opplæring i sidemålet, og ønsker å legge fram vårt prinsipielle syn i denne saken.

To offisielt likestilte målformer

Et forsøk med valgfri skriftlig sidemålsopplæring vil være et brudd med norsk språkpolitikk, som siden 1885 har hatt som en grunnleggende premiss likestilling mellom bokmål og nynorsk. Likestillingsvedtaket ble gjort av Stortinget, og da sidemålstilen ble lovfestet for gymnaset i 1907, var det en viktig historisk markering av at de to målformene var likestilte.

Et av Språkrådets hovedansvarsområder er knyttet til å fremme en reell likestilling mellom nynorsk og bokmål. En åpning for fritaksforsøk i skriftlig nynorsk sidemål kan få svært alvorlige følger for denne likestillingen både på kort og lang sikt. Vi må derfor innstendig be om at slike forsøk ikke blir iverksatt.

Læreplanen og sidemålsopplæringen

L97 innebar en oppvurdering av nynorskundervisningen i grunnskolen og åpnet for en nyorientering i sidemålsundervisningen i forhold til tidligere læreplaner i norsk. For videregående opplæring la Reform 94 opp til en formell styrking av ”tospråksopplæringen” på allmennfaglig studieretning. Eksamensordningen forutsetter reell likestilling mellom nynorsk og bokmål, og fagplanen gir uttrykk for at opplæringen i bokmål og nynorsk er en del av den generelle skriveopplæringen. Denne læreplanen er landsgyldig.

Hensynet til likestilling mellom målformene har vært et mål for de sakkyndige som har utarbeidet planen, for skolestyresmaktene og Stortinget. I lys av norskplannels intensjon er det viktig at en eventuell forsøksordning med det mål å styrke den skriftlige kompetansen i hovedmålet ikke gjennomføres på bekostning av opplæringen i skriftlig sidemål.

Konsekvenser for høyere utdanning og arbeidsliv

Hittil har det vært et vilkår for generell studiekompetanse at studentene har fått skriftlig opplæring i begge målformer. I en rekke stillinger i skoleverket, i statsadministrasjonen og i en del andre administrative stillinger er yrkesutøvere pålagt å beherske begge målformer skriftlig. Norsk språkråd har i årevis registrert mangefull nynorsk-kompetanse i samfunnet. Statsinstitusjonene har vanskelig for å etterleve målloven, og mange av dem grunniggir dette med at kompetansen i nynorsk hos de ansatte er for dårlig. Dersom skriftlig nynorsk blir valgt bort i videregående opplæring, vil denne situasjonen ytterligere forverres. Vi vil videre understreke Oslos spesielle situasjon, fordi landets hovedstad har så stor del av de statlige stillingene.

Tiltak for å forbedre sidemålsundervisningen

Kritikken fra elevene, slik Norsk språkråd har oppfattet den gjennom presseinnlegg og i direkte kontakt over telefon og e-post, rammer flere nivåer i skolen. Elevene peker på manglende lærerkompetanse, negative lærerholdninger, dårlige undervisningsmetoder og manglende legitimering av nynorskopplæringen. Disse forholdene henger naturligvis sammen, og det er ikke gjort i en håndvending å snu situasjonen.

a) Lærerkompetansen

Skal lærerne få til den vekslingen mellom bokmål og nynorsk i undervisningen som er nødvendig, må de mestre begge målformer godt. De må være i stand til å bruke nynorsk som tavlespråk ”på sparket”, og ellers kunne skrive god nynorsk. Denne kompetansen mangler hos mange norsklærere. Utvalget som evaluerte norskfaget i allmennlærerutdanningen på oppdrag fra KUF i 1998, sier i rapporten sin at en viktig grunn til høy strykprosent i norsk blant allmennlærerstuderenter, er at de ikke kan skrive nynorsk. Usikre lærere gir dårlig undervisning, og de vil i liten grad være nyskapende og bryte ned nedarvede undervisningstradisjoner. Kritikken fra elevene rammer altså lærerutdanningen, og det bør vurderes om den bør legges om, få økt undervisningstimetall osv. Etter endt utdanning må lærerne gis anledning til å gå på

kurs, og det bør utarbeides spesielle opplegg for lærere med henblikk på undervisning i nynorsk som sidemål.

b) Negative lærerholdninger

I rapporten fra forsøket med sidemålseksamen til jul i tredje klasse (Fagerborg og Laksevåg videregående skoler, 1996) heter det blant annet: "I sine frie kommentarer trekker mange elever fram nettopp mangelen på motivasjon og inspirasjon hos norsklærerne når de kommenterer sine tidligere erfaringer med sidemålsundervisning. Dette legger flere vekt på når de kommenterer hvilke faktorer som har formet deres holdninger til sidemålet og sidemålsundervisninga." Vi kan dessverre ikke se bort fra at noen norsklærere har slik uvilje mot nynorsk at de helst ikke burde undervise i emnet. For elever som har tillit til at en fagperson vet hva han eller hun uttaler seg om, får slik negativ holdning stor gjennomslagskraft. Større kompetanse i og kunnskap om undervisningsemnet vil trolig være med på å minske den negative innstillingen hos den enkelte lærer. Derfor bør økt kunnskap og metodikk i sidemålsundervisning prioriteres i etterutdanningen.

Forsøksordninger for å styrke sidemålsopplæringen

Når resultatet av morsmålsundervisningen er for dårlig, må målet være å forbedre undervisningen i begge målformer. Vi har så langt ikke hatt større forsøk i skolen der styrking av sidemålsopplæringen har vært en grunnleggende premiss. Norsk språkråd ville derfor hilse velkommen forslag om å sette i gang slike forsøk. To forutsetninger må imidlertid etter vårt syn være oppfylt:

Forsøksordningen må ikke dreie seg om valgfri skriftlig sidemålsundervisning, eller åpne for karakterfritak. Målet med forsøket må være at elevene skal øke sin skrivekompetanse i begge skriftspråkene.

Dernest er det ønskelig at elevenes kunnskap om og innsikt i den norske språksituasjonen blir bedre. På den bakgrunn er det trolig mulig å få fram endrede holdninger til den over hundre år gamle kulturarven som nynorsk representerer. Norsk språkråd mener at slike faglig baserte forsøksordninger, med siktemål å styrke elevenes samlede morsmålskunnskap, er et viktig tiltak i dagens situasjon.

Konklusjon

Norsk språkråd ber departementet

- 1 ta initiativ til forsøk med alternative former for undervisning med sikte på at elevene bedrer sin skrivekompetanse både i sidemål og hovedmål, og med sikte på å skape bedre forståelse for den norske språksituasjonen
- 2 ta initiativ til tiltak for å bedre lærernes kompetanse, særlig når det gjelder undervisning i nynorsk sidemål
- 3 avvise forsøk som innebærer valgfri skriftlig opplæring i sidemålet

Norsk språkråd gjør gjerne nærmere rede for sitt syn i et eget møte med departementet.

NYORDNYORDORDNYORD
DRDNYORDORDNYORDNY
NYORDNYORDNYORDNY
NYORDNYORDNYORDNY
DRDNYORDNYORDNYORD
NYORDNYORDNYORDNY
DRDNYORDNYORDNYORD
NYORDNYORDNYORDNY
DRDNYORDNYORDNYORD
NYORDNYORDNYORDNY
DRDNYORDNYORDNYORD
NYORDNYORDNYORDNY
DRDNYORDNYORDNYORD

Når eit ord er ført opp i denne spalten, tyder det berre at vi har registrert det. Det tyder ikkje at Norsk språkråd går god for ordet.

Dersom vi tilrår eller rår frå å bruke ordet, vil vi nemne det uttrykkjeleg.

Nyordspalta blir redigert av Vigleik Leira.

e-postnomade Hvis du er lei av å måtte skifte e-postadresse hver gang du bytter jobb, [...] kan en gratis e-postkasse på Internett være et velsignet supplement til din vanlige konto. Det eneste du trenger er tilgang til en PC med Internett-tilkobling, så har du alle forutsetninger for å bli en oppdatert e-postnomade, enten du sitter krumbøyd i kontorstolen eller sliter sanddyner i Syden.

Aftenposten 2.9.2000.

ergogen I går rygget Bjørge Stensbøl og Olympiatoppen inn i garasjen, la seg flate og forbød all bruk av kosttilskudd som er såkalt ergogene, eller prestasjonsforbedrende.

Dagsavisen 2.10.2000.

- Av gresk *ergon* 'arbeid' og -gen 'som skaper, frambringer'.

førstegangssoner Som det eneste fengselet i landet har Larvik kretsfengsel bare fanger som soner sin første dom. Slik unngår de uerfarne lovbrysterne å bli påvirket av mer hardbarkede kriminelle. Målet er å få førstegangssonene lovlydige når de slipper ut.

Romsdals Budstikke 25.9.2000.

gelékondom, vaginagelé Kanadiske forskere har utviklet et nytt «kvinnekondom» i gelé-form som for første gang gir kvinner

kontroll over sin helse, uten å måtte be den mannlige partnaren bruke kondom. Vaginagelén beskytter mot både seksuelt overførbare sykdommer og graviditet. Det er forskere ved Laval-universitetet i Quebec som har utviklet «gelé-kondomet» ifølge bladet Legemidler og Samfunn.

Dagsavisen 13.9.2000.

nettbnad nynorsk.no har fått ny nettbnad! Vi har framleis nokre småproblem med lenkeråte, men arbeider med å få retta opp i dei verste tilfellia.

Fra nettstedet

<http://www.nynorsk.no> i juli 2000.

- Jamfør bladbunad og bokbunad.

nettvert En nettvert er i en relativt stor grad til stede i et nettbasert forum og har flere funksjoner. Først og fremst ved å holde et ekstra godt øye med nye brukere, men også for å kunne korrigere og hvis det er ønskelig fjerne uønskede bidrag.


Håkon Styri

i et innlegg i Ordsmia 2.8.2000.

nødsekk En nødsekk er en sekk med utstyr som skal hjelpe oss å overleve et forlis der vi må forlate båten. Men hva skal vi pakke i denne sekken, og hvordan. Praktisk Båtliv har satt sammen en nødsekk for bruk på kyst- og skjærgårdssjeilas.

Fra bladet Praktisk Båtliv nr. 5/2000.

ordsmie Ordsmia er betegnelsen på et nettforum satt i gang av Språkrådet (se <http://www.sprakrad.no>) i mars 2000. Det er et sted der en diskuterer ordbruk og prøver å finne fram til gode norske betegnelser bl.a. for nye gjenstander og fenomen som den tekniske utviklinga fører med seg. - Jamfør de eldre orda ordsmed og rimsmed.



Redaksjonen tek gjerne mot brev frå leesarane. Det kan vere kommentarar til artiklane og emne i bladet, interessante ord og uttrykk ein har kome over, nyord, språkspørsmål eller anna. Adressa er: Språknytt, Norsk språkråd, Postboks 8107 Dep, 00 32 Oslo

Spørsmål: Hvor kommer det merkelige ordet *geburtsdag* fra? Og hvorfor sier vi ofte bare *bursdag*?

Svar: Ordet *geburtsdag* er egentlig tysk. På tysk heter det *Geburtstag*, og *Geburt* betyr 'fødsel'. På norsk har vi altså lånt den første delen av ordet, *geburts*, fra tysk, men samtidig har vi oversatt *Tag* med *dag*, som det jo betyr. I dag har bokmål formen *geburtsdag*, mens nynorsk har *ge-bursdag*.

Ordet *geburtsdag* er interessant, for mange nordmenn visste ikke hva *geburts* betyddde, og det fikk en del språklige konsekvenser. På tysk uttales *ge i geburtsdag* som *g + e*. Men det naturlige for nordmenn er å uttale bokstavene *ge som je*, og derfor oppstod uttalen *jebursdag*.

Dersom *jebursdag* blir uttalt med trykket på u-en, slik som på tysk, svekkes etter hvert den første stavelsen, og den kan til slutt falle helt bort. Dermed oppstår ordet *bursdag*, som det er fullt tillatt å skrive på norsk. I norsk er hovedregelen at den første stavelsen i et ord har hovedtrykket, og derfor kom uttalen *jebbursdag* med trykk på *je*. Denne uttalen finnes mange steder i landet, men det er ikke tillatt å skrive *jebbursdag*.

Spørsmål: Eg har lagt merke til at fleire og fleire bruker uttrykksmåten *spørje eit spørsmål*. Er det korrekt, eller er det *stille eit spørsmål* som er det riktige?

Svar: *Spørje eit spørsmål* har vorte nokså vanleg, men vi tilrår *stille eit spørsmål*. *Spørje* er eit intransitivt verb, det vil seie eit verb som normalt ikkje kan få objekt. Nokre slike intransitive verb kan likevel få ein særskild type objekt som vi kallar indre objekt. Det spesielle ved indre objekt er at dei står verbet nær i form eller tyding, for eksempel *syngje ein song*. I mange tilfelle, men ikkje alle, kan same ordrot brukast i både verb og substantiv. Jamfør: *Gje ein lovnad* (ikkje *love ein lovnad*), *gje eit svar* (ikkje *søre eit svar*), men *danse ein ny dans*, *grave ei grav*, *leve eit lykkeleg liv*, *be ei bønn*, *gå sin gang*.

Spørsmål: Har Språkrådet kommet med noen anbefaling om hva vi skal kalle det nye tiåret vi har begynt på? Anbefaler dere *00-tallet* eller noe annet?

Svar: Språkrådet mener at det ikke er noe opplagt svar på dette spørsmålet. Det foreslår uttrykket *00-tallet* er tydelig nok, men mange vil synes at det virker merkelig språklig sett. Det har ikke vært mulig å finne svaret ved å se på hva en har gjort før, ved begynnelsen av 1900 og tidligere århundrer. Det viser seg nemlig at en har greid seg uten et særskilt navn på det første tiåret i århundret. Selvsagt har disse tiårene vært omtalt, men en har for eksempel brukt års tallene: 1900–1909, eller en har talt om det første tiåret på 1900-tallet, eller det første tiåret i det 20. århundret. Fagnamnda i Språkrådet har samlet seg om dette standpunktet:

«Ut fra norsk ordforråd og grammatikk lar det seg ikke gjøre å lage en ettords betegnelse for perioden 2000–2009. Perioden kan eventuelt kalles «det første tiåret». Men det andre tiåret skal betegnes valgfritt 2010-tallet eller 2010-åra/-årene.»

Skal du ut x ete?

Redaksjonen har fått to kommentarer til et svar i spørrespalten i forrige nummer av Språknytt.

Janne Bondi Johannessen skriver:

«I siste nummer av Språknytt er det en leser som lurer på om det skal være *og* eller *å* i *Skal du ut X ete?*. Svaret som gis, er høyst forvirrende. Først slås det fast at det skal hete *Skal du ut og ete*, fordi det dreier seg om to likestilte handlinger. Det er greit nok. Men siden vi alle har lært at det skal være to like former som bindes sammen ved hjelp av *og*, gir Språknytt mer «hjelp». Vi skal tenke oss at *Skal du ut og ete?* er «ei forkortning av ei setning med to infinitivar»: *Skal du (gå) ut og ete?* Så skal vi skrive uttrykket om til fortid. Resultatet Språknytt kommer til, er nokså overraskende: *Gjekk du ut og åt?* Borte er hjelpeverbet, og isteden har vi fått fortid av et tenkt verb. Språknytt gir så en beskrivelse av fortidsformene: «Her ser vi at begge infinitivane står i preteritum (fortid).» Språknytt etterlater flere spørsmål enn svar. Går det virkelig an for en infinitiv å stå i en (annen) tid? Hvilke friheter kan man ta seg når man skal overføre et uttrykk fra én tid til en annen? Og hvis man først har lov å tenke seg at et uttrykk er en forkortning for et annet, hvorfor kan man ikke like godt anta at *Skal du ut X ete?* er en forkortning for *Skal du ut for å ete??* Jeg kritiserer ikke Språknytts konklusjon, men imøteser gjerne en bedre argumentasjon.»

Pete Story skriver:

«Det var artig å lese i spørrespalten i forrige nummer av Språknytt om *ut og ete*, for dette har vært et diskusjonsemne flere ganger i vår tospråklig familie. Jeg setter pris på forslaget om fortidsprøva, men mener allikevel at man forutsetter mye før man bruker regelen. I svaret står det: «Det blir lettare å sjá dersom vi tenkjer oss at *Skal du ut og ete?* er ei forkortning av ei setning med to infinitivar, t.d.: *Skal du (gå) ut og ete?*». La meg omformulere forutsætningen: Det blir lettare å sjá dersom vi tenkjer oss at *Skal du ut å ete?* er ei forkortning av setninga *Skal du ut (for) å ete?* Meningen er litt annerledes, men jeg vil påstå at forskjellen er så minimal at man ikke ut fra ren språkanalyse kan tyde hva skribenten mente. Og hvordan kan man da fastsette at den ene eller den andre er riktig?»

Det er interessant for øvrig at den samme problematikken finnes på engelsk: *Shall we go out and eat?* og *Shall we go out to eat?* Det er en ørliten betydningsforskjell her også, og jeg vil nok påstå at begge kan være riktige.»

Redaktør Kjell Ivar Vannebo svarer slik:

Både Janne Bondi Johannessen og Pete Story har kommet med relevante kommentarer til svaret på spørsmålet i forrige Språknytt om det skal hete *Skal du ut å ete?* eller *Skal du ut og ete?* Johannessen peker på at svaret i Språknytt

etterlater flere spørsmål enn svar – noe som jeg er enig i, og som jeg bare må beklage på redaksjonens vegne. Som Johannessen peker på, er det selvsagt heller ikke mulig for en infinitiv «å stå i en (annen) tid».

Problemet med fordelinga av *å/og* er velkjent i norsk skriftspråk – noe som skyldes at uttalen vanligvis er lik, og at det til dels er sammenfallende funksjon mellom subjunksjonen *å* og konjunksjonen *og*. Som påpekt i svaret fra redaksjonen skal konjunksjonen brukes i uttrykk av typen *Skal du ut og ete?*. En kan selvsagt her tenke seg at det er en forkortning av *Skal du (gå) ut og ete?*, men som både Johannessen og Story påpeker, kan en alternativt regne med at det er en forkortning av *Skal du gå ut (for) å ete?*. Og den såkalte fortidsprøven er ikke til så stor hjelp i

dette tilfellet, for den ville gi *Skulle du ut x ete?* Storys engelske eksempler *Shall we go out and eat?* og *Shall we go out to eat?* viser at problemet ikke bare skyldes det fonetiske sammenfallet mellom konjunksjonen og subjunksjonen i norsk, men at det dreier seg om et sammenfall i funksjon i begge språk. I moderne norsk gir det imidlertid neppe noen betydningsforskjell om vi bruker *å* eller *og* i slike konstruksjoner. Men i og med at bevegelsesverb ofte utelettes etter et modalverb i norsk (jf. *Norsk referansegrammatikk*, s. 527) – og vi i nyere norsk ellers ikke har en «hensiktsinfinitiv» uten preposisjonen *for* (altså: **han gikk ut å ete*) – er det nærliggende å regne med at det helst dreier seg om to formelt like infinitivsformer og altså anbefale *og* – ikke *å*.

På godt norsk

dot (i e-postadresser) – punktum

dotcom-selskap – nettselskap

eMedicine – e-medisin (konsultasjon
og/eller behandling over Internett
eller liknande fjernmedium)

enter – linjeskift (på tastatur)

faction – faksjon (litterær sjanger av
fakta + fiksjon)

flatmate – medbuar/medboer,
bufelle/bofelle

frozen shoulder – frozen skulder/
frossen skulder

infotainment – infonøyelse, nyheits-
underhaldning/nyhetsunderholdning

palmtop – lommepc

rail – takhaldar/takholder

(fl. **rails**: festestenger på biltak)

snowboard – snøbrett

stretchlaken – strekklassen

trick or treat – knask eller knep
(helsing som utkleddde barn bruker
når dei bankar på hos folk ved helges-
messe og ber om å få noko godt,
treat, for til gjengjeld å la vere å gjøre
dei eit pek, *trick*)

whiteboard – tusjtavle

Du finn fleire ord på nettsidene våre:

<http://www.sprakrad.no>

under «På godt norsk».

Frå side 20

Så har vi ei gruppe uttalevariantar der v-en er kommen inn att, men no etter rotvokalen. Vi får dermed *kove* (Romsdal, Nordmøre, spreidde stader i Finnmark), *kova* (Sunnhordland, Nord-Noreg) eller *kov'* (indre Nordmøre, Fosen, Meldal, nordre del av Nord-Trøndelag, Salten, Lofoten). Ei sterk form *kov* er registrert

frå Breim i Nordfjord, og med til denne gruppa må vi også rekne *kuv'* (Meldal i Sør-Trøndelag). Heilt for seg sjølv står *káven*, som hører heime i Finnmark (Bátsfjord, Gamvik). Ein reknar med at formene med v-innskot går tilbake på *koá/koe*.

Tel vi opp, får vi over tretti forskjellige måtar å uttale eitt og same ordet på. Nokon betre?

Trykksaker frå Språkrådet

- eks. Godt språk i lærebøker. Rettleiing i lærebokarbeid.
Norsk språkråds skrifter nr. 6. 1999. 238 s. kr 225
- eks. Norsk – i nye tusen år? 20 s. Gratis. (Klassesett à 30 eks. kr 120)
- eks. Språk, kjønn, likestilling. 20 s. Gratis. (Klassesett gratis)
- eks. Purisme på norsk? Norsk språkråds skrifter nr. 4. 72 s. Kr 50.
- eks. Ordtifanget i nynorsk – synsmåtar og røynsler.
Norsk språkråds skrifter nr. 5. 114 s. Kr 50
- eks. Godt språk i lærebøker. Rettleiing i lærebokarbeid.
Norsk språkråds skrifter nr. 6. 238 s. Kr 225
- eks. Ordbok i fysikk og kjemi til skolebruk.
Norsk språkråds skrifter nr. 7. 154 s. Kr 195
- eks. Språknytt nr. 1 – 1996. Temanummer om Ivar Aasen. Gratis.
(Klassesett à 30 eks. kr 90)
- eks. Lov om målbruk i offentleg teneste. Reglar, praktiske råd,
eksempel, hjelpemiddel. Innlegg til tidsplanleggjar / faldar 10 s. Gratis.

Namn:

Adresse:

Postnummer og -stad:

Trykksaker som ikkje er gratis, blir sende med faktura.

FORFATTARANE

Endre Brunstad er forskar ved Nordisk institutt ved Universitetet i Bergen.

Torbjørg Breivik er rådgjevar i Norsk språkråd med norsk språk og IKT som arbeidsområde.

Eli Ellingsve er statens namnekonsulent for Midt-Noreg og forskar ved Norsk vaksenpedagogisk forskingsinstitutt.

Rolf Theil Endresen er professor i allmenn og afrikansk lingvistikk ved Universitetet i Oslo.

Marit Hovdenak er rådgjevar i Norsk språkråd.

Ottar Grepstad er direktør for Ivar Aasen-tunet.

Tor Erik Jenstad er førstekonsulent og sekretær for statens namnekonsulentar for Midt-Noreg.

Omslagsbilete: Larry Williams / The Stock Market / Scanpix

INTERNETT OG TEKST-TV

Tekstene i dette nummeret finst også på Internett:

<http://www.sprakrad.no>

Språksider i NRK Tekst-TV: 423

NORSK SPRÅKRÅD

Postboks 8107 Dep

0032 OSLO

Telefon: 22 42 40 20

Telefaks: 22 42 76 76

Redaktørar:

Kjell Ivar Vannebo og

Helge Sandøy

Redaksjonssekretær:

Åsta Norheim

E-post: norheim@sprakrad.no

Opplag: 25 500

Fire nummer i året

Redaksjonen avslutta 15.11.00

Form: Bentzen Bakken

Trykk: PDC Tangen 2000

Signerte artiklar står for forfattaren. Redaksjonen tek seg rett til å publisere artiklane på Internett.

ISSN 0333-3825

C-BLAD

Returadresse:
NORSK SPRÅKRÅD
Postboks 8107 Dep
0032 OSLO